



Høgskulen
på Vestlandet

MASTEROPPGÅVE

Psykisk helse hjå dei minste barna i barnehagen

Mental health of toddlers in kindergarten

Sylvi Hjelmeland Norevik

Master i spesialpedagogikk

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar: Astrid Reidun Berglid Bakken

20.desember 2019

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. *Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet*,

Samandrag

Masteroppgåva handlar om korleis barnehagelærarar jobbar for å skape eit psykisk helsefremmande miljø for dei minste barna i barnehagen, sett i lys av relasjonar og haldningsarbeid. I studien blir det undersøkt kva barnehagelærarar legg i omgrepet psykisk helse, og korleis det relasjonelle perspektivet blir ivaretatt når eit barn byrjar i barnehagen. Vidare blir det undersøkt om barnehagen jobbar som ein reflekterande kultur.

Det er ei overordna politisk målsetjing at barnehagen skal tilby eit omsorgs -og læringsmiljø som er til barns beste. Barnehagebarn skal oppleve trygge og gode miljø som bidrar til å fremme barn og unges meistring og psykiske helse (Helse og omsorgsdepartementet, 2017, s.43).

Forsking, både norsk og internasjonal er klar på at det er barn-vaksen relasjonen som er avgjerande for barns tilknyting og tryggleik. Relasjonen har også ein avgjerande faktor for seinare skuleprestasjonar (Hamre & Pianta, 2001; Helland et al., 2019)

Relevant teori og forsking er knytt opp mot problemstillinga. Utvalet representera teori og forsking i forhold til dei minste barna i barnehagen og barnehagen som lærande organisasjon.

Det er nytta ein kvalitativ metode og semistrukturerte intervju for å gje svar på problemstillinga. Seks barnehagelærarar som jobbar på småbarnsavdeling blei intervjuata. I analysen av datamaterialet blei det nytta ein innhaldsanalytisk tilnærming. Det var ønske om å få tak i og tolke meningar bak informantane sine svar, og har nytta ein hermeneutisk tilnærming i forskingsprosessen. Resultat syner til at barnehagelærarar definera psykisk helse opp mot det som er beskriven i teori og definisjon, men det er ikkje eit tema det har blitt jobba systematisk med i barnehagane. Studie viser at barnehagelærarar har kunnskap om tilvenning i barnehagen og kva det vil sei at små barn har det bra. Funn viser at dei opprettar primærkontakt når eit barn byrjar i barnehagen, men kva oppgåver primærkontakten vektleggast er det meir usikkerheit rundt. Det kan virke som primærkontakten sine oppgåver tar meir omsyn til dei praktiske oppgåvane, enn ut ifrå det relasjonelle perspektiv.

Resultat indikera at barnehagelærarar har ein del kunnskap og kompetanse om psykisk helse og relasjonsarbeid. Barnehagane drøftar og reflektera rundt vaksenrolla på møter, men den reflekterande kultur kan virke noko usystematisk. Det blir referert til at refleksjon fører til endring i personalgruppa, men det blir ikkje opplevd at alle har ei felles forståing for kva som er akseptabel åferd hjå barn og vaksne. Systematisk jobbing med «refleksjon over eigen praksis» kan med fordel forankrast meir i personalgruppa.

Abstract

This thesis is about how a kindergarten-teacher works to create a psychic health-inducing environment for toddlers in kindergarten, according to relations and attitude. The thesis examines what a kindergarten-teacher puts in the term mental health, and how the relation perspective is handled when a child starts kindergarten. Further, it's examined if the kindergarten works as a reflecting culture or not. It's an overall political goal that the kindergarten is to offer a caring and good learning environment that is for the children's best. The children are entitled to experience a safe and healthy environment that contributes to their mastery and mental health (Helse og omsorgsdepartementet, 2017, s. 43).

Research, both Norwegian and international, is determined that it's the child-adult relation that is crucial for children's attachment and safety. The relation is also a crucial factor concerning later school achievements. (Hamre & Pianta, 2001; Helland et al., 2019). Relevant theory and research are connected to the issue. The selection represents a theory and research connected to the toddlers in the kindergarten, and the kindergarten as a learning institution.

A qualitative method and semistructured method is connected to the interviews, to give an answer to the issue. Six kindergarten-teachers that works in the toddler department was interviewed. A content-analytic method was used in the analysis of the material. The informant's answers were interpreted with the use of a hermeneutic approach. ‘

The result shows that the kindergarten-teachers defines mental health the same way as other theories and definitions, but that it's not a subject that has been worked systematically with in kindergartens. The study shows that the kindergarten-teachers has a certain amount of knowledge about adapting in kindergarten, and what it means for a child to be okay. Findings shows that children create primary-contact when they first start kindergarten, but what the primary-contact includes is more reflected on. It almost seems as if the primary-contact is more concerned with the practical tasks, rather than the relation-perspective.

Results indicate that kindergarten teachers have quite the knowledge and competence about mental health and relation-work. The kindergarten discusses and reflects upon which role the adult is given, for example in meetings, but the reflective culture is a bit un-systemically. It is referred to how reflection leads to change within the personal staff, but not everyone has a mutual agreement about what's acceptable or not concerning how a child and adults should, or should not, behave. Systematic work with "reflection over one's own practice" will have a positive outcome within the personal staff.

Forord

Denne masteroppgåva utgjer siste del av eit deltidsstudium som har vart i tre år. Då eg starta hadde eg ingen ide om korleis det skulle vere å skrive ei masteroppgåve. Det å knytte kunnskap og erfaring gjennom studiet har vært fruktbart og nyttig.

Arbeidet har vært lærerikt for meg, både privat og i jobbsamanheng. Ny kunnskap om kor viktig arbeidet med relasjonar, og fordjuping i forsking har vært interessant.

Det er mange på lista som skal ha ein stor takk for at dei har vært med meg gjennom prosessen. Først og fremst informantane mine som stilte sporty opp. Utan dei hadde det ikkje blitt noko masteroppgåve. Takk for at deke gav meg tillit og bidrog til at eg fekk tilført ny kunnskap og erfaring.

Takk til arbeidskollegaer som har hørt på både min frustrasjon og glede. Takk for forståing når tankane mine av og til har vært langt inni masterbobla og ikkje på jobb. Deke har betydd mykje for meg i denne prosessen.

Takk til mine gode med studentar. Eg kjem til å sakne samlingane ilag med dykk. Mange gode diskusjonar, middagar og hotellfrukostar blir sett tilbake på med glede. Takk for deling av frustrasjon, hjelp, støtte, motivasjon, tips og idear.

Takk til rettleiar Astrid Reidun Berglid Bakken for god hjelp, støtte og oppmuntring. Du har heia meg sakte framover mot målet. Takk for gode og konstruktiv tilbakemeldingar undervegs i prosessen. Utan dei tilbakemeldingane er eg usikker på om det hadde vært noko master å levere inn.

Eit masterstudie ved sida av jobb og familieliv har vært krevjande, men lærerikt og interessant. Utan omtanke frå alle hadde det vært vanskeleg å fullføre studie.

Desember 2019

Sylvi Hjelmeland Norevik

Innhold

1 Innleiing	1
1.1 Val av tema	1
1.1.1 Formålet med oppgåva	2
1.1.2 Problemstilling og forskingsspørsmål.....	4
2 Teori og forskingsmessige rammeverk.....	5
2.1 Omgrepet psykisk helse.....	5
2.2 Politisk bakgrunn for arbeidet med psykisk helse i barnehagen.....	5
2.2.1 Rammeplan for barnehagen – innhald og oppgåver (2017)	6
2.2.2. Kunnskapsdepartementet.....	6
2.3 Dei minste barna	7
2.3.1 Hjernes utvikling.....	7
2.3.2 Transaksjonsmodellen.....	8
2.3.3 Indre arbeidsmodellar	8
2.3.4 Mentalisering.....	9
2.5 Når små barn byrjar i barnehagen.....	11
2.5.1 Relasjonskompetanse.....	12
2.5.2 Relasjonskvalitet.....	12
2.5.3 Samanheng mellom barnehagekvalitet og barns fungering ved 5 år	14
2.5.4 Samspelskvalitet	14
2.6 Barnehagen som lærande organisasjon	15
2.6.1 Enkeltkrets- og dobbelkrets læring	16
2.6.2 Reflekterande kultur.....	17
2.6.3 Relasjonskompetanse kan lærast	18
2.6.4 Systemisk rettleiing	19
3 Metode	20
3.1 Vitenskapsteoretiske perspektiv	20
3.1.1 Fenomenologi og hermeneutikk	20
3.1.2 Før-forståing	21
3.2 Val av metode.....	21
3.2.1 Semi-strukturert intervju.....	22

3.2.2 Gruppeintervju	22
3.2.3. Intervjuprosess	23
3.2 Datainnsamling.....	23
3.3.1 Intervjuguide	23
3.3.2. Val av informantar.....	23
3.4 Datamaterial.....	24
3.4.1 Transkribere	24
3.4.2 Analyseprosess	24
3. 5 Kvalitetskriterier	25
3.5.1 Reliabilitet.....	25
3.5.2 Validitet	25
3.5.3 Generalisering	26
3.5.4 Kritisk blikk på eiga forsking	27
3.6 Etiske omsyn.....	27
3.6.1 Informert samtykke.....	28
4 Presentasjon av funn	28
4.1 Bakgrunn og utdanning til informantane	28
4.2 Kunnskap om psykisk helse	29
4.2.1 Rammeplan for barnehagen.....	29
4.2.2. Kompetanse og kunnskap	30
4.2.3 Historier om psykisk helse	31
4.2.4 Oppsummering	32
4.3 På kva måte blir perspektivet på relasjonar ivaretatt når eit barn byrjar i barnehagen?.....	32
4.3.1 Kvalitet.....	33
4.3.2 Foreldresamarbeid	33
4.3.3 Trygg start i barnehagen	33
4.3.4 Relasjon	35
4.3.5 Oppsummering	36
4.4 Reflekterande kultur.....	37
4.4.1 Endringskompetanse	37
4.4.2 Oppsummering	38
5 Drøfting.....	39
5.1 Barnehagelærarar si oppleving av omgrepene psykisk helse	39
5.1.1 Psykisk helse handla om å takle stress	40
5.1.2 Psykisk helse handlar om tankar og kjensler.....	40
5.1.3 Psykisk helse handlar om å vere ein trygg vaksen med opne armer og stort fang	41

5.2 Rammeplan og psykisk helse.....	42
5.2.1 Felles forståing for omgrepet psykisk helse	43
5.2.2 Kunnskap og kompetanse	43
5.3 Når eit barn byrjar i barnehagen.....	44
5.3.1 Tryggleik og forståing	44
5.3.2 Primærkontakt.....	44
5.3.3 Vandrarane	46
5.3.4 Foreldresamarbeid	47
5.3.5 Oppstartsamtale.....	47
5.3.6 Tid	47
5.4 Vaksne - barn relasjonar.....	48
5.4.1. God relasjon der barnet blir sett, hørt og anerkjent	48
5.4.2 Gode relasjonar er den vaksne sitt ansvar	48
5.4.3 Relasjonskompetanse.....	49
5.5 Barnehagen som reflekterande kultur	49
5.5.1 Vaksenrolla og haldningar	50
5.5.2 Endringskompetanse	51
5.5.3 Systemisk jobbing med psykisk helse	52
5.5.4 Vurdering av eigen praksis	53
5.6 Nasjonale føringer	55
6 Avslutning	55
6.1 Vegen vidare.....	59
Kjelder	60
Vedlegg 1: Godkjenning frå NSD	65
Vedlegg 2: Informasjonskriv til informantane.....	66
Vedlegg 3: Samtykkeerklæring	69
Vedlegg 4: Intervjuguide	69

1 Innleiing

I denne masteroppgåva blir det sett søkjelys på dei minste barna i barnehagen og viktigheita av dei vaksne si rolle med å sikre eit psykisk helsefremmande miljø. Dette er eit viktig tema som blir understreka i Regjeringa sin Strategiplan for god psykisk helse, *Mestre hele livet* (2017-2022). «Vi vil skape et samfunn som fremmer mestring, tilhørighet og opplevelse av mening. Regjeringen har som mål at flere skal oppleve god psykisk helse og trivsel, og at de sosiale forskjellene i psykisk helse skal reduseres» (Helse og omsorgsdepartementet, 2017, s. 7). Regjeringa har lagt fram ein heilskapleg strategi for barn og unges psykiske helse. Planen legg blant anna vekt på at barnehagar skal tilby eit psyko-sosialt miljø som inkludera trygge vaksne og førebyggjar at barn blir ekskludert sosialt (Helse og omsorgsdepartementet, 2017, s. 43).

Barnehagar blir vektlagt eit viktig arbeid for at barn skal oppleve god psykisk helse, og personale må ha kunnskap og kompetanse på området.

Vidare i innleiinga blir det gjort greie for val av tema og formålet med oppgåva. Problemstillinga vil bli presentert, og til slutt blir det sagt noko om vidare framdrift i oppgåva

1.1 Val av tema

Tema for oppgåva er korleis ein kan skape eit psykisk helsefremmande miljø for dei minste barna i barnehagen. Etter å ha jobba i barnehage i 25 år, både som pedagogisk leiar og styrar, oppleve eg at det har skjedd ei forandring. I løpet av denne tida har barnehagane fått ei mykje meir sentral rolle i barn sin oppvekst, og spelar ei viktig rolle for barn si utvikling.

Kunnskapsdepartementet (2017, s 11), under kapittelet om barnehagens verdigrunnlag, blir omgrepene psykisk helse bringa inn i kvardagen til barnehagen. Psykisk helse har ikkje stått i rammeplan før 2017, og det er viktigare enn nokon gong at barnehagane set det psykisk helsefremmande arbeidet på dagsorden.

I ein kronikk i Dagbladet 17.08.2014 uttalar Brandtzæg, Torsteinson & Øiestad at barnehagen er ein viktig arena for tilknyting og utvikling av psykisk helse. Dei uttalar vidare at foreldre er viktigast for barna, men at dei vaksne i barnehagen er på ein klar og viktig andre plass. Personalelet evne til å sjå og gje det barnet treng, og ha vilje til å reflektere over og vidareutvikle seg sjølv som omsorgsperson, bidrar til den psykiske helsa i befolkninga.

Psykisk helse er eit omfattande tema, og det vil ikkje vere mogleg å ha total oversikt over alle forhold som påverkar arbeidet med å fremme psykisk helse. Oppgåva sine hovudtema vil vere relasjoner og haldningsarbeid, to viktige faktorar for å fremme psykisk helse. For personalelet i barnehagen er relasjonskompetanse ein del av det profesjonelle verktøy (Drugli, 2018, s. 147)

Det er i dag mange små barn i barnehagen, og det er ikkje uvanleg at barna startar allereie når dei er 10 månader gamle. Andel barn 1-2 år er 83,5%, og totalt 91,8% av alle barn i alderen 1-5 år har plass i barnehagen (Statistisk sentralbyrå 01.03.2019).

Skogen, Smith, Aarø, Sjøveland & Øverland (2018, s. 53) syner til at det er gjort lite forsking på relasjonskvalitet i norske barnehagar, men internasjonale studiar viser at relasjon mellom vaksne og barn er av stor betyding for barna si helse og velvære i barnehagen. Vidare syner rapporten til at det er viktig at barnehagar bidrar til at barna får ein trygg start når dei byrjar i barnehagen (Skogen et al., 2018, s.57).

1.1.1 Formålet med oppgåva

Barn si psykiske helse er eit tema som stadig blir belyst i media, bøker, artiklar og rapportar. Vi kan komme med tankar og hypotesar om kvifor det er blitt slik, men det som er sikkert er at barnehagane må forholda seg til dette.

Resultat frå ulik forsking tyder på at barn-vaksen relasjon er av stor betyding for barnet si tilpassing til barnehagen og seinare skuleprestasjonar. Hamre & Pianta (2001) sine funn indikera at kvaliteten på barn-vaksne relasjonar i barnehagen samsvarar med barnet sine skuleprestasjonar, både tidleg og seinare i skulelivet. Gode relasjonar som barnet bygger tidleg i livet spelar ei rolle for utvikling av sosial kompetanse.

Helland et al. (2019) sin ferske rapport, frå Den norske mor og barn-undersøkinga (MoBa), viser til at nærliken mellom barn og vaksne i barnehagen heng saman med betre psykisk helse i skulealder og betre skuleresultat tre år seinare. Dei viser til at konflikt mellom barn og vaksne i barnehagen er knytt til dårligare psykisk helse og svakare skuleferdigheter.

Funn frå studiet til Drugli & Berg-Nilsen (2019) indikera at samspelet mellom små barn og personale ikkje nødvendigvis er godt nok slik det er i dag, og at det bør skaffast til veie meir kunnskap om korleis samspelkvalitet kan forbetrast.

Dersom det viser seg at det er personalet sin åtferd som påverkar samspelskvaliteten bør det jobbast meir systemisk for å styrke barnehagars psykisk helsefremmende miljø. Vi må starte frå starten av, allereie i tilvenninga må det vere fokus på relasjonar og haldningar. Kva haldningar har vi med oss inn i relasjonskompetansen, og kva perspektiv møter vi dei minste barna med? Barna skal ut i *den store vide verden* når dei byrjar i barnehagen for første gang, og det er viktig at dei blir møtt av vaksne som tek ansvar for relasjonen og bidrar til å skape tryggleik. For å kunne ivareta og styrke barn sitt oppvekstmiljø trengst det både kunnskap og kompetanse. Det er behov for merksemd på

psykisk helse for alle som arbeidar med barn. Kunnskapsdepartementet (2017, s. 15) peikar og på at dei vaksne skal sørge for gode relasjonar mellom barna i gruppene. Små barn oppheld seg mange timer dagleg i barnehagen. Barnehagen skal stå fram som ein trygg arena for barn og foreldre, ein arena der barna kan oppleve gode relasjonar som er til hjelp i vidare utvikling.

Brandtzæg et al. (2013) påpeikar at den beste måten å utvikle positive relasjonar på er å skape ein bevisst og aktiv reflekterande kultur i barnehagen (s.112). Dette finn vi igjen i Kunnskapsdepartementet (2017, s. 38) som viser at det er viktig å legge vekt på felles refleksjonar over det pedagogiske arbeidet. Kunnskapsdepartementet (2017) seier vidare at vurderingsarbeidet skal bygge på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Haldningar og bakgrunn for handlingane må bli diskutert. Det trengst bevisste vaksne som reflektera over vala sine, og som har vilje til å endre vala til beste for barnet. Arbeid i barnehagen inneber relasjonar til andre. Personale, barn, foreldre og eigar er i relasjon med kvarandre og samhandlar. Det handlar om normer og verdiar som eksistera i barnehagen. Tonen mellom personale, mellom personale og barn, og forholdet til foreldra. Barnehagar må jobbe med organisasjonskultur. Senge sine fem disiplinar for lærande organisasjon er felles visjon, personleg dugleik, team-læring, mentale modellar og systemisk tenking (Barsøe, 2014, s. 18). Desse disiplinane er viktig for at barnehagar skal forstå korleis alle delane i ein organisasjon påverkar kvarandre.

Personale må ha evne til å setje ord på eigen praksis og samtidig vere villig til å dele erfaringar med andre. Barnehagar må finne metodar som opnar for dialog, lytting og refleksjon i lag, og som kan gje personale ny innsikt. Refleksjonar i fellesskap vil først og fremst hjelpe den enkelte med eigen praksis og forståing, og dernest hjelpe kollegiet til å utvikle felles kunnskap, etikk og praksis. Fimreite og Fossøy (2018) sin studie viser til at kollegarettleiing opnar opp for at barnehagelærarane, i større grad, stiller kritiske spørsmål til eigen praksis og andre sin praksis.

Å møte alle barn likt kan vere ei utfordring, og nokre appellera meir til oss enn andre. Kvalitet i relasjonane og eit godt læringsmiljø er dei vaksne sitt ansvar (Lofstad, 2017, s. 43)

Arne Holte, tidlegare assisterande direktør i Folkehelseinstituttet, uttalar i Podcast *Storefri* (utdanningsnytt, 2019, 16.08) at barnehagar kanskje er den viktigaste arena for å fremme psykisk helse. Grunnlaget blir lagt tidleg og barnehagar blir viktig. Han uttalar vidare at ein må lage barnehagar som er best for barn, og at barnehagen må bli så psykisk helsefremmende som mogleg. Ifølge Arne Holte så inneheld psykisk helse fire element: evne til å regulere kjensler, tenke fornuftig, halde gode relasjonar og styre åtferd.

Formålet med oppgåva blir dei vaksne si rolle med å skape eit psykisk helsefremmende miljø. Kva trengst for å fremme psykisk helse hjå små barn, og kva perspektiv er viktig når eit barn byrjar i

barnehagen? I oppgåva er ynskje å få fram teori og forsking som ein må ha kjennskap til for å fremme psykisk helse. Det vere seg teori og forsking om relasjonskompetanse og samspekskvalitet. Samtidig blir det viktig å få fram teori og forsking om kva dei minste barna treng i barnehagen, kvifor det er viktig å ha fokus på trygg tilknyting i starten. Det blir og belyst viktigheten av barnehagen som organisasjon, med fokus på refleksjon og haldningsarbeid. I oppgåva blir barnehagelærarar omtalt som vaksne, leiarar og barnehagelærarar.

1.1.2 Problemstilling og forskingsspørsmål

Kunnskapsdepartementet (2017, s. 33) legg vekt på at barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal blant anna organisere seg slik at barnet får tid til å bli kjent og etablere relasjonar. Grunnlaget som blir lagt dei første åra i barnehagen har stor betydning for barn si vidare utvikling og læring, (Hamre & Pianta, 2001)

I oppgåva blir det vektlagt kor viktig det er å sikre tilknyting og gode relasjonar mellom barn og vaksne når barna byrjar i barnehagen.

Problemstillinga lyder:

Korleis jobbar barnehagelærarar for å legge til rette for eit psykisk helsefremmande miljø for dei minste barna i barnehagen? – sett i lys av *relasjonar og haldningsarbeid*

For å belyse problemstillinga har det blitt utarbeida tre forskingsspørsmål:

1. Kva legg barnehagelærarar i omgrepet psykisk helse?
2. På kva måte blir perspektivet på relasjonar ivaretatt når eit barn byrjar i barnehagen?
3. Har barnehagen ein reflekterande kultur?

For å kunne ivareta og skape eit psykisk helsefremmande miljø i barnehagen trengst det både relasjonskompetanse og ein reflekterande kultur basert på refleksjon rundt eigen praksis.

Relasjonskompetanse treng alle som jobbar i barnehagen, men barnehagelærarar, og leiinga, har eit særskilt ansvar for å skaffe grunnleggande kompetanse om psykisk helse. Dei må og arbeide for forankring av kunnskap i resten av personalgruppa.

Det skal ikkje vere noko forskjell på om ein møter 1.åringar eller 4. åringar i barnehagen. Det er personalet sitt ansvar, uavhengig av alder og kjenneteikn, å sørge for at barn blir anerkjent og sett gjennom gode relasjonar.

I kapittel to blir det gjort greie for bakgrunnsteori og forsking som oppgåva bygger på. Det blir vist til rapportar, stortingsmeldingar, rammeplan for barnehagen. Forsking knytt opp mot relasjonar og

samspelskvalitet vil det og bli sett på. Deretter vil det bli gjort greie for kva som er viktig for små barn i barnehagen. Tema tilknyting vil bli nemnt. Betydinga av relasjonar, relasjonskompetanse vil bli belyst. Barnehagen som lærande organisasjon blir gjort greie for, og at relasjonskompetanse kan lærest. Kapittel tre, metodekapittelet, vil det blir gjort greie for det vitskapelege perspektivet. Vidare vil det bli gjort greie for val av forskingsmetode, forskingsprosessen, arbeidet og analyse av datamateriell. Kapittel fire er presentasjon av funn. Informantane blir presentert, deretter blir det gjort greie for oppgåva sine finn. Kapittel fem er drøfting av funn oppimot teori og forskning. Til slutt kapittel seks med avslutning og oppsummerande kommentarar.

2 Teori og forskingsmessige rammeverk

2.1 Omgrepet psykisk helse

Psykisk helse famna om heile menneske. Skogen, Smith, Aarø, Siqveland, Øverland (2018) påpeikar at psykisk helse er avgjerande for livskvalitet, mellommenneskelege forhold og produktivitet.

Verdens helseorganisasjon (WHO) definera psykisk helse som «ein tilstand av velvære der individet kan realisere sine muligheter, kan håndtere normale stressituasjonar i livet, kan arbeide på en fruktbar og produktiv måte og har mulighet til å bidra overfor andre og i samfunnet» (Skogen et al., 2018, s. 23). Psykisk helse omhandlar velvære og ikkje berre fråvær av sjukdommar og vanskar.

Dette omfattar utvikling av både kjensle, tankar, åtferd og sosiale evne, samt evne til sjølvstende, tilknyting, fleksibilitet og vitalitet (Skogen et al., 2018, s. 23). Psykisk helse handlar om evna til å tolke og handtere kvardagslivet si blanding av medgang og motgang og til å fungere i samspel med andre. NOU 2012:5 viser til at «definisjon av sped- og småbarn mentale helse belyser betydningen av tidlige relasjonelle barndomsopplevelser og senere mestring og mental helse» (s. 178).

«(...) sped- og småbarns si kapasitet til å oppleve, regulere og uttrykke emosjonar, utvikle nære og trygge relasjonar, og utforske omgivelsen og lære» (NOU 2012:5, s. 178).

For dei minste barna er det ein relasjonell prosess å utvikle god psykisk helse, og prosessen fremmest i samspel med andre menneske. Gode relasjonar til foreldre, barnehagepersonale, jamaldrande er heilt sentralt for deira psykiske helse (Drugli & Lekhal, 2018, s. 36). Gjennom relasjonar byggas grunnlaget for psykisk helse, og relasjonar utgjer ramma for små barns psykiske helse (Drugli & Lekhal, 2018, s. 36).

2.2 Politisk bakgrunn for arbeidet med psykisk helse i barnehagen

Retningslinjer og nasjonale styringsdokument ligg i bakgrunn og er med på å forme jobben vår i barnehagen. Politiske- og helsepolitiske dokument påverkar arbeidet med psykisk helse i

barnehagen. I dette kapittelet vil det bli sett nærmere på Rammeplan for barnehagens innhold og oppgåver (2017), Stortingsmeldingar, og Regjeringas strategiplan.

2.2.1 Rammeplan for barnehagen – innhold og oppgåver (2017)

Kunnskapsdepartementet (2017) bringer omgrepene psykisk helse inn i kvardagen til barnehagen.

Psykisk helse var ikke nemnt før det kom i rammeplanen gjeldende fra 2017. Før blei det snakka om fysisk helse. Det betyr at det er viktigare enn nokon gong at barnehagane set det psykisk helsefremmende arbeidet på dagsorden i enda større grad enn dei kanskje har gjort tidlegare.

Kunnskapsdepartementet (2017) legg vekt på at «Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehage» (s. 11). Barnehagelæraren si rolle blir spesielt viktig i dette arbeidet, det er dei som skal ha kompetanse og kunnskap på dette området.

Kunnskapsdepartementet (2017) legg også vekt på felles refleksjonar over det pedagogiske arbeidet.

«Vurderingsarbeidet skal bygge på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i» (s. 38).

Vidare peikar Kunnskapsdepartementet (2017) på at dei vaksne skal «sørgje for gode relasjonar mellom barna i gruppene, mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra» (s. 15).

Temahefte om dei minste i barnehagen (2006) kom for å støtte arbeidet med rammeplan. Hefte syner til at arbeid med barn under tre år krev personale som har formell og erfaringsbasert kunnskap og innsikt (Sandvik, 2006, s. 7).

2.2.2. Kunnskapsdepartementet

Stortingsmeldingar (Meld.St.) blir brukt når regjeringa vil presentere saker for stortinget. I Meld.St blir det gjort greie for regjeringa sine planar og ambisjonar innanfor eit politikkområde. I dette kapittelet blir det kort gjort greie for nokre stortingsmeldingar som omhandlar barnehagar og psykisk helse.

Meld.St. 24, Framtidens barnehage (2012-2013) syner til at «Kvaliteten på det som forgår til daglig i barnehagen– prosesskvaliteten – er i følge forskning avgjørende for hvordan barnehagen påvirker barna sin trivsel og utvikling» (s. 18). Prosesskvalitet er ifølge Drugli (2018) det som angår barnet sine erfaringa, t.d. personal-barn relasjon. Særlig viktig er kvaliteten på relasjonane og samhandlinga mellom vaksne og barn, og barna i mellom.

Meld. St. 19, Tid for lek og læring — Bedre innhold i barnehagen (2015-2016) skriv «Barnehager som arbeider systematisk og kunnskapsbasert og har personale med god kompetanse, legger grunnlag for gode relasjoner både mellom voksne og barn, mellom barn og for høy kvalitet på samspill og innhold» (s. 12).

Meld. St. 6 (2019–2020) Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO, er den siste stortingsmeldinga som er kommet ut. Meldinga peikar på at «Barnehagene og skolene må sammen med foreldrene legge til rette for at barna og elevene etablerer gode relasjoner og trygg tilknytning til de ansatte og andre barn og elever, og at de opplever anerkjennelse, tilhørighet og trivsel» (s. 18). Vidare syner Meld. St 6 til at «Barna er avhengige av gode relasjoner til omsorgsfulle voksne som responderer på signalene deres, og som hjelper dem med å takle utfordringer» (s. 22).

Regjeringas strategiplan for god psykisk helse (2017-2022) legg vekt på at førebygging startar i barnehagen, og tilsette må ha kunnskap og kompetanse om kva som fremmer god livsmestring og psykisk helse.

Oppsummert trekker dei ulike Meld.St fram at barnehagen skal ha ei sentral oppgåve i å oppdage barn med vanskar og være førebyggande instans. Retninga blir satt i forhold til kvalitet, innhald, kompetanse og inkludering.

2. 3 Dei minste barna

«Små barn fungerer annleis enn eldre barn når det gjelder kognitive ferdigheter, språk, sosial kompetanse, sjølregulering og kjensler (Drugli & Lekhal, 2018 s. 36). Dei fungera i ein verden av relasjonar og for dei er det å utvikle ei god psykisk helse ein relasjonell prosess som i hovudsak fremjast i samspel med andre menneske (Drugli & Lekhal, 2018, s.36). Vidare blir det sett søkjelys på kvifor det er viktig å skape psykisk helsefremmande miljø allereie når små barn byrjar i barnehagen.

2.3.1 Hjernes utvikling

Kunnskap om hjernen sin utvikling hjå små barn har dei siste åra inngått som ein sterk grunn for førebygging og tidleg innsats. Det er i løpet av dei to første åra «at den raskeste utviklingen av hjernens utvikling skjer» (Lyngseth & Mørland, 2017, s. 39). I denne perioden er barn i sterkt utvikling både fysisk, psykisk, sosialt og følelesmessig, og gode tiltak kan få stor betydning når det gjeld å forebygge utvikling av vanskar (Lyngseth og Mørland, 2017).

Wichstrøm et al. (2011) sine resultat understrekar det faktum at dei vanlegaste vanskane i barndommen allereie kan diagnostiserast i barnehagen. Studie (Wickstrøm et al., 2011) viser til at 7-8% av 4-åringane har psykiske problem som angst, åtferdsvanskar og depresjon. Resultata viser og tilrettelegging av miljø for små barn er avgjerande. Wichstrøm et al. (2011) hevdar i sin studie at dersom ikkje vanskar blir oppdaga, kan problema bli forverra.

For små barn som går i barnehagen vil personalet ha stor betydning. Personalet har eit ansvar for at barna får dekka sine behov. Innleiingsvis blir det vist til at 83,5 % av 1-2 åringer går i barnehage, og det er i denne alderen barna er i sterk utvikling. Når ein veit at vanskar kan diagnostiserast i barnehagen er det avgjerande å bidra til at små barn får ein positiv start i barnehagen. Det vil ha betydning for barnet sin livskvalitet og dannar grunnlaget for seinare utvikling.

2.3.2 Transaksjonsmodellen

Transaksjonsmodellen står i dag som ein sentral modell innan utviklingspsykologi, og blir nytta for å forstå barn si utvikling. Modellen beskriv korleis utvikling best kan forstå som ein prosess der barnet endrast i samspel med sine omgjevnader over tid. «..barnet med sine personlige egenskaper i sin tur påvirker og endrer omgivelsene» (Smith, 2018, s. 16).

«En transaksjon finner sted når et barn (eller en omsorgsperson) blir påvirke av en omsorgsperson eller et barn) til å gjøre noe som hun eller han ikkje ville ha gjort viss omsorgspersonen (eller barnet) hadde oppført seg på en annen måte» (Smith, 2018 s. 17).

Transaksjonsmodellen belyser at betydinga av samspel er sentral. Dette på bakgrunn av at mykje av stimuleringa barn dagleg eksponerast for skjer i forbindelse med samspelsaktivitetar. Det er ein gjensidig påverknad frå barn til vaksen og motsatt. Transaksjonsmodellen gjev og ein god forståing av utviklinga av individuelle ulikskaper i barn sin tilknytingstryggleik (Smith, 2018, s. 19).

Barn påverkar og blir påverka av omgjevnadane sine og transaksjonsmodellen er ei hjelpe til å forstå korleis utviklingsprosessane forgår hjå barnet. I barnehagen kan barn virke ulikt og utløyse ulike reaksjonar hjå vaksne, og dei vaksne påverkar og er ulike mot barna.

I barnehagen kan transaksjonsmodellen bli brukt som ein modell for korleis vi kan forstå utvikling som eit resultat av korleis barn og miljø gjensidig påverkar kvarandre. Samspel blir ein tovegstrafikk, og barnet og den vaksne kan vanskeleg bli forstått uavhengig av kvarandre.

2.3.3 Indre arbeidsmodellar

Gjennom samspel vil barn etablere det som blir omtalt som «indre arbeidsmodellar. Indre forestillingsbilde blir skapt gjennom opplevinga av å være ilag med omsorgspersonar, (Hart, 2011, s 105). Dersom ein transaksjon skal kunne virke, må det skje endringar i det representerte meiningsystemet. På det eine sida kan det vere endringar i korleis omsorgspersonen fortolkar barnet si åtferd eller i forventningane til kva barnet kan mestre. «På den andre siden kan det dreie seg om endringer i barnets forventninger til omsorgspersonen og forståelse av seg selv. Det er dette som kallas indre arbeidsmodellar» (Smith ,2018, s. 20). Endringane i den indre arbeidsmodellane kan føre til at barnet opprettheld ein strategi om trygg tilknyting (Smith, 2018, s. 20).

Vaksne har og indre arbeidsmodellar (Drugli, 2018, s. 50) og dei har sin base i eigne erfaringar frå barndommen. I barnehagesamanheng er det her haldningane til personalet kan komme fram. Drugli (2018, s. 50) stiller spørsmålet om samspelet med dei ulike barna blir styrt av fagleg kunnskap og bevisst faglege refleksjonar, eller om det blir styrt etter den oppdragelsen man sjølv fekk som barn. Det er viktig at dei som jobbar i barnehagen reflektera over samspelet med dei ulike barna, og nokre gangar er det nødvendig med kollegastøtte for å kunne sjå seg sjølv utanfrå.

2.3.4 Mentalisering

Smith, Brandtzæg og Torsteinson (2019) definera mentalisering som «et individs kapasitet til å tolke sin egen og andres mennesker atferd ut frå mentale tilstandar» (s.17). Med mentale tilstandar meina ein «tro, førelsar, håp, påskudd, planar, og liknande.» (Smith et al., 2019, s 17). Dette handlar om menneske sin kapasitet til å kjenne og reflektere over egen og andre sin tilstand og deretter tolke åtferda. Høgh-Olesen, Dalgaard og Skårderud (2016) omtalar mentalisering som å sjå seg sjølv frå utsida, og andre frå innsida. Vi erfarar verda og lagar våre forestillingar om den. Det er ikkje verda vi har i våre hove, men indre og private forestillingar om den.

Utifrå eit relasjons perspektivet ser ein mentalisering som eit grunnlag for relasjonar. Ein vaksen i barnehagen må kunne sjå at åtferda barnet utfører ikkje nødvendigvis er slik barnet er. Vaksne og barn i barnehagen kan knytte seg til kvarandre gjennom gjensidig mentalisering. Den vaksne i barnehagen må sjå barnet og forstå kjensle og tankar som kjem til utrykk gjennom barnet si åtferd. Det er viktig at barnehagelærarar er gode på mentalisere. Refleksjon rundt eiga åtferd og påverknaden den har på barnet blir viktig.

2.3.5 Anerkjenning

Eit sentralt omgrep i gode relasjonar er anerkjenning. Anerkjenning er «noe man viser i møte med andre mennesker» (Drugli & Lekhal, 2018, s. 53). Anerkjenning i barnehagen handlar om å sjå barnet som det er. Barnet skal møtast med «tillit og respekt for deres egen opplevelse» (Drugli & Lekhal, 2018, s. 53).

Berit Bae (2007) viser til å anerkjenne barn betyr å møte den enkelte som eit individ, med rett til eigne tankar og kjensler. Utifrå eit relasjonelt perspektiv inneber det at barnet kan vere seg sjølv utan å være redd for å miste tilknyting. Berit Bae (2007) peikar på kor viktig der er å anerkjenne barnet som subjekt. Å møte barn som subjekt er vitalt for å legge grunnlaget for medmenneskelighet og konstruktive relasjoner både i barnehage og andre steder (Bae, 2007).

Bae (2004) tolkar vaksen-barn dialog i lys av anerkjenningsperspektivet. Det blir gitt fleire døme på korleis barn blir dratt fram som subjekt med egne intensjonar og opplevingar. I følgje Bae (2004) er personalet sitt kunnskapssyn på barn avgjerande for mulighetene til å forstå barn sitt perspektiv. Ein må forstå barnehagen sin betyding i barn sitt liv, og det er den vaksen sitt ansvar å ha oversikt over kva som skjer i relasjonen (Bae, 2004, s. 12). I barnehagen må vi respektere barnet og være opptatt av barnet si oppleving. Måten samspelt mellom vaksne og barn er har avgjerande betyding for utvikling hjå barnet, og det er den vaksne som må gjere ein innsats og sjå på barnet som eit subjekt.

2.4 Tilknyting

«Tilknytningspersoner er de som barnet har en spesiell nær relasjon til» (Drugli, 2014, s. 43). Som oftast er dette foreldre i første omgang, og når barnet byrjar i barnehagen vil dei prøve å knytte seg til vaksne der. Tilknyting handlar om korleis barnet knyt seg til sine omgjevnader og dannar relasjonar.

«Tilknytningsmønstre oppstår gjennom en prosess hvor barnet har minst en omsorgsperson som påtar seg den basale og nødvendige omsorgen og inngår i et samspill med det» (Hart, 2011, s. 122). I barnehagen brukar barnet tilknytningspersonen som ein trygg base for utforsking.

Tilknytning og tryggleik er viktig for alle barn i barnehagen, men dess yngre barnet er dess meir avhengig er ei av å bli møtt og forstått av ein vaksen som dei kjenner seg knytt til (Brandtzæg et al. 2018, s. 20). Når eittåringar byrjar i barnehagen og blir overlat til ukjente vaksne er det ein stor overgang for dei. «Ettåringene kan ikke sette tilknytningen på vent over lengre tid, de trenger muligheten til å utvikle ei sikker havn og ei trygg base også i barnehagen» (Brandtzæg et al. 2018, s 20).

Eit trygt tilknytingsforhold vil vere grunnlaget for at barnet kan utforske omgjevnadane i barnehagen. Brandtzæg et al. (2018) uttalar at nærliken til vaksne er heilt avgjerande for barn si psykologiske utvikling. Gjennom nære relasjonar til omsorgspersonen vil barnet utvikle seg psykologisk og få ei oppleving av seg sjølv som individ. Tilknytingsrelasjonar tidleg i livet er grunnleggande for barn si utvikling.

Pianta er sentral i forhold til forsking som omhandlar relasjonar og skulepresentasjonar (Hamre og Pianta, 2001). Hamre og Pianta (2001) sine resultat tyder på at kvaliteten på tidleg lærar-barn relasjon og seinare skuleprestasjonar kan være både sterke og vedvarande. I studiet blir det framheva at kvaliteten på barn-vaksne relasjonar i barnehagen samsvarar med barnet sine

skuleprestasjonar, både tidleg og seinare i skulelivet. Gode relasjonar som barnet bygger tidleg i livet spelar ei rolle for utvikling av sosial kompetanse.

Dette er forholdsvis gammal forsking, men ei berømt forsking og like aktuell i dag. Studiet viser at når barn kjem inn i eit positivt løp med gode relasjonar og tilknyting, kan det ha førebyggande effekt seinare i livet. Hamre og Pianta (2001) sine resultat viser oss kor viktig gode relasjonar er. Studiet tyder på at trygge relasjonar er førebyggande. Helland et al. (2019) viser til tilsvarende funn. Dei fant samanheng mellom positive og negative relasjonar til dei vaksen i barnehagen og skuleferdigheter og psykisk helse hjå barn i skulen. Barn med konflikt med den vaksne i barnehagen hadde dårligare skuleferdigheter enn barn som ikkje hadde konflikt med den vaksne. Resultata viser at «for barn flest er relasjon til voksne i barnehagen en viktig prediktor for både skoleferdigheter og psykisk helse ved 8 år» (Helland et al., 2019, s. 21).

2.5 Når små barn byrjar i barnehagen

Det kan være tøft for både barn og foreldre når barnet startar i barnehagen. Dette er den første overgangen for barnet og er starten på mange år i barnehagen for dei fleste.

«Dei fleste små barn vil trenge mye støtte frå personalet i barnehagen for å takle adskillelsen fra foreldre» (Drugli, 2018, s. 127). Korleis barn taklar overgangen frå heim til barnehage variera. Nokon treng lang tid, andre trivast raskt. «Forutsetningen for trivsel er uansett at barnet får en trygg havn å gå til, minst en sekundær tilknytning eller kontaktperson, i sitt nye liv som barnehagebarn» (Brandtzæg et al., 2018, s. 100).

Drugli & Undheim (2012) har forska på korleis foreldre og personale har opplevd barnet si tilvenning i barnehagen. Dei har vurdert om bruk av primærkontakt når eit barn byrjar har hatt noko verking på tilvenninga. Studie viser at primærkontakt er til stor hjelp for barn under 1,5 år den første tida i barnehagen. I ni av dei 13 barnehagane som ikkje hadde primærkontakt blei det rapportert om at barnet hadde vanskar under tilvenningsperioden. I barnehagar med primærkontakt var andelen barn med startvanskar under halvparten. Studie tyder på at primærkontakten gjer til at tilvenninga blir lettare for barnet. Forskinga støtter opp om det Brandtzæg et al. (2018) uttalar om nærliken til vaksne. Bakken & Flaten (2018) viser til funn om at det ikkje er ei felles forståing for relasjonskvalitet i personalgruppe. Dei viser til at primærkontakten har meir praktiske oppgåver enn relasjonsbyggande oppgåver slik det kjem fram i studien. Det er viktig at barnehagar har med seg det perspektivet på relasjonar inn i primærkontaktrolla. Barnet må oppleve at den vaksne er til stades når dei byrjar i barnehagen.

«Små barn som ikke har en fullt utviklet hjerne, kan ikke respondere rasjonelt på stress» (Lyngseth & Mørland, 2017, s. 40).

Drugli, Solheim, Lydersen, Moe & Smith (2018) har gjennomført ein studie om stress blant dei minste barna i barnehagen. Analysen deira vista at stressnivået auka på dagar barnet var i barnehagen, medan det sank på dagar barnet var heime. Desse funna bør vere grunnlag nok til at barn bør ha primærkontakt i barnehagen, og bruk av primærkontakt ser ut til å lette barna sin prosess med å bli kjent med personalet.

Når kroppen opplever stress forsvarar den seg mot påverknad av fysisk og psykisk art (Flaten, 2013, s. 52). Stress er ikkje ein statisk tilstand. Enkelte dagar er ein meir påverkeleg enn andre dagar. Ein unngår ikkje å oppleve stress. «Det viktige er at stresset kan håndteres og ikke overvelder barnet slik at det gir opp og bare prøver å holde ut» (Flaten, 2013, s. 53).

2.5.1 Relasjonskompetanse

Relasjonskompetansen fortel oss noko om forståelsen og korleis vaksne er i møte med barnet. Smith (2018) beskriv relasjon som «en form for organisering som gjør at barnet integrerer samspillserfaringer på en ny måte» (s. 76). Kompetansen er avgjerande for samarbeid, læring, arbeidsmiljø, effektivitet og er ein avgjerande faktor for å skape gode barnehagar (Lysebø & Bratt, 2017, s.5). «Man må kunne sette seg i den andre sted, samtidig som man holder fast ved seg sjølv» (Linder, 2019, s. 37). Relasjonskompetanse «består av både ekspertise, ferdigheter, kvalifikasjoner og kunnskap» (Linder, 2019, s. 37). Kompetanse blir vist gjennom praksis, korleis ein utførar oppgåva. «Man kan godt ha kvalifikasjonar på papiret – for eksempel et kurs i pedagogisk relasjonsarbeid – utan å ha relasjonskompetanse i praksis» (Linder, 2019, s. 38).

2.5.2 Relasjonskvalitet

Prosjektet «Blikk for barn» rettar søkjelyset mot ulike side ved kvalitet i barnehagen for barn under tre år. Gjennom prosjektet er det fleire delprosjekt. Eide, Winger, Wolf & Dahle (2017) har studert kvalitetar ved dagliglivet for småbarn i seks barnehagar med ulike organisasjonsmåtar.

Studiet viser at småbarn kunne være overalt, men at det var tydeleg at dei fleste oppheld seg i nærleiken av vaksne som dei kjente.

Studiet såg på relasjonskvalitet, dvs nærvær, gjensidighet og interaksjon mellom barna og mellom barna og personalet. Her såg dei ikkje noko ulikskap mellom tradisjonelle og fleksible barnehagar «Dei såg kontakt, samspel og leik, mellom barn i alle kjernegruppene, kor barna både verbalt og kroppslig kommuniserte og deltok i kvarandre sine leike-verden» (Eide et al. 2017, s. 29). Det dei

imidlertid såg var noko variasjon i relasjonskvalitet avhengig av gruppestørrelse og stabilitet i gruppene. Dei såg meir samspel mellom barn i mindre grupper og stabile barnegrupper der barna kjente kvarandre, enn i store grupper.

I studiet såg dei og døme på *vandrere* dvs. «barn som hadde relativt begrensa kontakt med andre barn og personal» (Eide et al., 2017, s. 30). Dei såg fleire vandrarar i store barnegrupper enn i grupper med mindre barn. Vandrarar kan være utsyn for kjedsomhet og lite engasjement

Gruppestørrelsen såg og ut til å påvirke personalet sitt samspel med barna. I store barnegrupper tok personalet meir ei overvåkande rolle, «var mer avventende og grep inn dersom det oppsto spesielle situasjoner eller når barn trengte trøst» (Eide et al., 2017, s. 30).

Å sitte på fanget såg ut til å være ein del av barnehagekvardagen for små barn. Dei såg og situasjonar der personalet sin merksemd og omsorg var ulikt fordelt eller begrensa. Dei observerte at enkelte barn fekk meir merksemd enn andre. Personalet hadde og ulike måtar å være på. Nokon virka meir nærværande, engasjert i gjensidige relasjonar til barna, enn andre (Eide et al., 2017, s. 31).

I måltidsituasjonar observerte dei at måltid kunne vere prega av «stille eting» kor samtalen var prega av «kva vil du ha på skiva?». Måltid i andre grupper var prega av samtalar om kva dei hadde gjort på, humor og latter. Dei såg ikkje noko mønster i forhold til tradisjonelle eller fleksible barnehagar, det såg ut til å være meir avhengig av stabile grupper og kven av personalet som var til stades (Eide et al., 2017, s. 32).

Dei er forsiktige i konklusjonane sine, men dei indikera at dei strukturelle, fysiske rammene og utfordrande logistikk som pregar kvardagslivet er til hinder for dei gode møta mellom personalet og barna.

Dette støttast av Bakken og Flaten (2018), der dei indikere at kvaliteten på vaksen-barn relasjon er god, men viktigheten av å ha fokus på positivt samspel i rutinesituasjonar kan bli gløymt. Funn i studiet viser til at det ikkje er ein felles forståing for relasjonskvalitet. Her er mykje gode drøftingar men lite systematikk og fokus på viktigheita av desse drøftingane, noko som gjer at slike drøftingar kan forsvinne når kvardagen blir travel (Bakken & Flaten, 2018).

Dette er i tråd med Degotardi (2010) sitt studie. Her er det prøvd å sjå om der er ein samanheng mellom korleis barn blir stimulert i leik og organiserte aktivitetar kontra rutinesituasjonar. Resultata i studien antyda at dei vaksne fokusera meir på dei grunnleggande behova enn å gje stimulerande samspel i rutinesituasjonar. Han viser til at dei vaksne med fordel bør ha meir teoretisk forståing av kor viktig relasjonsarbeid er.

Eide et al. (2017), Bakken & Flaten (2018), Degotardi (2010) sine funn indikere at kvaliteten på vaksen-barn relasjon er god. Funn syner likevel at viktigheten av å ha fokus på positivt samspel i rutinesituasjoner kan bli gløymt.

2.5.3 Samanheng mellom barnehagekvalitet og barns fungering ved 5 år

Folkehelseinstituttet (2014) sin undersøking er knytt til barnehageforskning i Den norske mor og barn-undersøkinga. Det er undersøkt i kva grad kvaliteten i barnehagen, alder for oppstart og antal timer pr. uke i barnehagen heng saman med psykisk og språkleg fungering hjå barn. I denne masteroppgåva vil det kun bli referert til kva rapporten seier om psykisk helse.

Eit av hovudfunna er at dei finn ein samanheng mellom barns fungering og relasjonen mellom vaksne og barn i barnehagen. Dei viser til at relasjonen mellom vaksne og barn i barnehagen heng saman med barna si åtferd (Folkehelseinstituttet, 2014, s. 6). Dei finn at ein god relasjon er forbundet med mindre åtferdsvanskar hjå barn. Relasjon mellom vaksne og barn forklarar heile 41% av variasjonen i barnas tilpassing (Folkehelseinstituttet, 2014, s. 24). Ein god relasjon til vaksne i barnehagen er assosiert med barn si åtferd og språklig fungering. Dei kan imidlertid ikkje sei noko om retninga på denne samanhengen, men barn med god psykisk fungering vil sannsynligvis lettare få ein god relasjon med vaksne i barnehagen enn barn som ikkje fungerar så godt (Folkehelseinstituttet, 2014, s. 6).

2.5.4 Samspelskvalitet

Drugli & Berg-Nielsen (2019) har gjennomført ein studie om samspillskvalitet mellom tilsette og barn på 106 småbarnsavdelinger og -grupper i 92 norske barnehager.

Dei finn blant anna at «barna opplever middels god støtte når det gjelder emosjonell og atferdsmessig utvikling» (Drugli & Berg-Nilsen, 2019, s. 37). Den emosjonelle og åtferdsmessige støtta omfattar blant anna relasjonar mellom barn og vaksne, og personalet sin sensitivitet.

Dei uttrykker at samspelskvalitet er avgjerande for om barn er trygge og om dei får knytte seg til personalet. Barna treng sensitivitet frå dei vaksne, samstundes som dei er nysgjerrige og utforskande. Barna treng at dei vaksne ser kva dei er opptatt av og støttar opp under lærings, utforskning og mestring. Studiet indikera «at samspillet mellom små barn og ansatte ikke nødvendigvis er godt nok slik det er i dag, og at det bør skaffes til veie mer kunnskap om hvordan samspillskvaliteten kan forbedres (Drugli & Berg-Nielsen, 2019, s. 46).

Dei konkludera med at personale i barnehagane bør reflektere saman over samspelkvaliteten på eiga avdeling. Funna deira tyder på at der er eit potensiale for å utvikle samspelskvaliteten mellom små barn og vaksne i barnehagen.

Bratterud, Sandseter & Seland (2012) viser til at det er ulik kvalitet på samspelet mellom barn og vaksne. Mykje er bra, men dei rapportera om små barn som ikkje blei sett. Barn som ikkje fekk merksemda dei trengte, som vandra lenge åleine både inne og ute, og som blei misforstått fordi dei vaksne hadde det for travelt (Bratterud et al., 2012, s. 100). Dei såg og «eksempler på ansatte som har tid og mulighet, men ikke ser ut til å beherske eller se betydningen av vaksen/barn samspill (s. 101). Bratterud et al. (2012) sakna «fleire aktive og kompetente vaksne» (s. 101).

Resultata i forsking indikerer at relasjonskompetansen er viktig for å fremme psykisk helse, og vaksne kan ha ulik relasjonskompetanse og vaksen-barn relasjonane kan ha ulik kvalitet. Kvaliteten på relasjonane er med å fremme psykisk helse og hindre vanskeleg åtferd seinare i livet. Det grunnlaget som blir lagt i tidleg barndom har betydning for barnet si psykiske helse. Holdningsarbeidet som blir gjort rundt i barnehagar er viktig. Vi må refleksjonar rundt kvifor vi handlar som vi gjer, og ha den profesjonelle relasjonskompetansen med oss i møte med små barn. Det er alltid vaksne som er ansvarlige for relasjonen, Møller (2012). Måten vi er på ilag, har avgjerande betydning for trivsel og utvikling.

2.6 Barnehagen som lærande organisasjon

«Barnehagen er ein lærande organisasjon der heile personalet skal reflektere rundt faglege og etiske problemstillingar, oppdatere seg og vere tydelege rollemodellar» (KD, 2017, s. 15)

Peter Senge definera lærande organisasjon som «Organisasjonar der deltararane jamleg utviklar evna til å skape ønska resultat, der nytt og ekspansive tankesett blir framelska, der kollektive ambisjonar får spelerom, og der menneska kontinuerleg lærar meir om korleis ein lærar saman» (Roald 2008, s. 6)

Senge presentera fem disiplinar for å utvikle ein lærande organisasjon: felles visjon, personleg dugleik, team-læring, mentale modellar og systemisk tenking (Roald, 2010, s. 53).

Systemisk tenking er den heilskaplege tilnærmingsmåten som blir lagt til grunn for å «forstå samanheng og mønster i organisasjonen» (Roald, 2010, s. 53). KD (2015-2016) skriv og at barnehagar som arbeidar systematisk og kunnskapsbasert legg grunnlag for gode relasjonar mellom vaksne og barn. Systemtisk tenking framstår som ein grunnleggjande måte å tenke omkring felleskapet, og dei kreftene som påverkar både innanfrå og utanfrå (Glosvik, 2010)

Personleg dugleik omhandlar evna til å vere «visjonær og realistisk på same tid» (Roald, 2010, s. 53). Senge legg vekt på at læringsprosessane i ein organisasjon må bygge på både rasjonell tenking og intuisjon, og at retninga og samanhengar er viktigare enn detaljar. Ut ifrå dette vil personalet kunne «utvikle si heilskapsforståing ved å stå i ei kreativ spenning mellom visjonar og røyndom» (Roald, 2010, s. 53).

Mentale modellar «er dei grunnleggjande , men oftast lite uttrykte førestillingane i ein organisasjon» (Roald, 2010, s. 53). «Gjennom felle drøfting og utprøving kan ein bygge nye mentale modellar, eller halde ved like dei eksisterande» (Roald, 2010, s. 53). «Om dei ikkje forandrar mentale modellar, lærer dei ikkje noko nytt, for innanfor denne teoretiske referanseramma er det mentale modellar vi lærer når vi lærer» (Glosvik, 2010).

Felles visjon er «den meininga fellesskapet har med den kollektive innsatsen» som igjen «dannar grunnlaget for eit felles bilet av framtida» (Roald, 2010, s. 53). Når det blir utvikla felles visjon og praksis, blir det og utvikla høgare toleranse for nye framgangsmåtar og eventuelle feil ved utprøving av ny praksis (Roald, 2010, s. 54).

Team-læring finn stad når personalet «reflektera seg fram til ny kunnskap og nye handlemåtar» som den enkelte ikkje ville kunne utvikla åleine (Roald, 2010, s. 54). «Gruppelæring er ein kollektiv disiplin», men det føreset individuell dugleik og forståing (Roald, 2010, s. 54).

Læring er ein «prosess der mennesker og organisasjoner tilegner seg ny kunnskap og endrer sin atferd på grunnlag av denne kunnskapen» (Jacobsen & Thorsvik, 2009, s. 319). Ein lærande organisasjon inneheld «både ein kunnskaps- og ein handlingskomponent», ein prosess som fører til at ein endrar praksis (Jacobsen & Thorsvik, 2009, s.319).

I denne samanheng blir barnehage ein lærande organisasjon som reflektera over eigen praksis og skapar felles forståing. Ein barnehage som har evne til å sjå på eigen organisasjon og seg sjølv. Barnehagen må stille seg spørsmålet om kva vi må justere for å bli ein betre organisasjon. Grunnlaget for at dette er tatt med i dette studiet er for å illustrere kor mykje av innhaldet i ein organisasjon som inneber relasjon til andre. Menneske lære meir om korleis ein lærer saman. For å skape ein felles forståing og realisere mål er det nødvendig å samarbeide. Samarbeid inneber at personalet står i relasjon til kvarandre. Det handlar om i fellesskap å tenke bakover og framover. Gammal praksis ligg i fortida, refleksjonane ligg i nåtid og ny praksis ligg i framtid.

2.6.1 Enkeltkrets- og dobbelkrets læring

Argyris og Schön har utvikla ein teori om læring på fleire nivå, enkeltkretslæring og dobbelkretslæring (Roald, 2008, s. 31). Enkeltkretslæring inneber at «måla eller styringsvariablane

står fast» (Roald, 2008, s. 31) Læring dreiar seg om kva som er effektive handlingar for å nå målet (Roald, 2008, s. 31). Dobbeltkretslæring omhandlar endringar av mål, normer og verdiar, noko som er meir diffuse område i ein organisasjon. Omlegginga føreset og endringsvilje (Roald, 2008, s. 32). Gjennom denne teorien blir fokuset over til individ og mentale modellar, og viser at organisasjonar ikkje er statiske (Roald, 2008, s. 31).

Det er i dobbeltkretslæring at refleksjon foregår. Dobbeltkretslæring inneber at ein kan sjå nye dimensjonar og nye handlingsmåtar i det ein arbeidar med (Roald, 2008, s. 31).

Personar i ein organisasjon kan ha to ulike handlingsmodellar. Ein «uttalt teori», som ein forklarar handlingane sine med, og ein «bruksteori» som styrar åtferda og fungera ubevisst (Roald, 2008, s. 32). Det kan vere vanskeleg å lære nye bruksteoriar. Læring som fører til endring i bruksteorien krev dobbeltkretslæring (Roald, 2008, s. 33). Personane er ikkje sjølve klare over kva som styrar åtferda, og ubevisste verdisett kan hindre læring. Dobbeltkretslæring er utgangspunktet for å lære nye eller endre den eksisterande bruksteorien. For å oppnå dobbeltkretslæring blir dialog og diskusjon sentral (Roald, 2008, s.33).

2.6.2 Reflekterande kultur

Kunnskapsdepartementet (2017) viser til at planlegginga som barnehagane gjer skal «vere basert på kunnskap om trivselen til barn og den allsidige utviklinga deira, både individuelt og i gruppe. Ho skal òg vere basert på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

Kunnskapsdepartementet (2017) legg vidare vekt på at «vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Felles refleksjonar over det pedagogiske arbeidet kan gi personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring» (s. 38). På denne måten kan personalet lære av eigen praksis og bidra til å utvikle barnehagen som pedagogisk verksemd.

Kvaliteten på voksen-barn-relasjonen er betydingsfull for barn sin trivsel og læring. Brandtzæg et al. (2013) viser til at den beste måten å sikre dette på er å skape ein bevisst og aktivt reflekterande kultur i barnehagen. «Det må rett og slett være vanlig at dere, i tillegg til å rose kvarandre pirker litt borti hverandres måte å være på» (s. 112). Ein reflekterande kultur inneberer at pirking må utførast med omsorg og varme, slik at det blir opplevd som kollegial støtte og ikkje som kritikk. Målet er å jobbe med å skape gode relasjonar til barna (Brandtzæg et al., 2013, s.112).

Å jobbe med å skape ein reflekterande kultur og skape ei bevisstgjering rundt voksenrolla kan vere utfordrande i barnehagen. Bevisstgjering kan til dømes skje ved at nokon fortel deg kva haldninga dei oppfattar at du har, ved at du får ny kunnskap, eller ved at du reflektera over det du erfara og

oppleve. Som menneske vegrar vi oss for å ta opp ting som vi reagera negativt på. «Det er nesten som en refleks i kroppen som slår inn og som får de fleste av oss til å fjerne oss sakte, men sikkert frå situasjonen (Mevold, 2016, s. 33). Ei haldning kan vere ei meining, oppfatning eller innstilling ein person har, og ei haldning sit gjerne djupare enn ei meining. Meiningar kan endrast, men den heng som regel saman med dei haldningane vi har, og handlingar kan endrast gjennom bevistgjering.

2.6.3 Relasjonskompetanse kan lærest

Relasjonskompetanse er å ha vite og kunnskap om relasjonelle forhold, og relasjonskompetanse kan lærest (Linder, 2019, s. 40). Dersom ein er fastlåst i eit bestemt tankemønster, kan det være vanskeleg, men dersom ein klarar å bryte det, kan det ha stor betydning for jobben ein gjer (Linder, 2019, s. 40).

Den vaksne må inn i eit relasjonelt univers slik Linder (2019) beskrev det og leite etter stjernestunder. Ei stjernestund er eit augeblikk av glede og der ein får lyst til å klemme eit barn eller ein kollega (Linder, 2019, s. 15). Desse stjernestundene kan få ein fagleg status og plasserast inn i relasjonsarbeidet. Når ein samlar på sjernestunder og bevegar seg inn i eit tankemønster kan det føre til eit tankemønster som fremmar utvikling. Målet er å skape eit kollegia der det er rom for å reflektere over det pedagogiske arbeidet (Linder, 2019, s. 41).

Når vi skal legge til rette for djup læring i barnehagen, læring som rører ved både hove og hender, både teori og praksis, må det inn et element av refleksjon over både teori og praksis (Barsøe, 2019 s. 14).

Mevold (2016) uttrykker at mange tilsette i barnehagen undrar seg over andre sine val, væremåtar og praksis utan at det er kultur for å under seg høgt (s. 32). Ho skildrar nokre området som barnehagar med god kvalitet skiller seg frå dei som ikkje har komt like langt. Eine punktet på god kvalitet er barnehagar der personalet er »gode rollemodeller i en tilbakemeldingskultur der dei ansatte er nysgjerrige på hvordan de kan utvikle eigen praksis» (Mevold, 2016, s. 33). Dei stiller kvarandre spørsmål og framstår som ei samla gruppe og med eit pedagogisk pågangsmot og gjennomføringsevne.

Sollied, Worum, Madsen og Kamplid (2017) viser til erfaringar med International Child Development Programme (ICPD) i sitt studie. ICPD er eit relasjonsorientert og empatibasert program. Informantane til Sollied et al. (2017) opplever at dei har fått ei meir beivist haldning til korleis dei kan fremme barnet si positive utvikling og førebygge psykiske vanskar gjennom samspel. Dei har og fått auka bevissthet om barna sine signaler og behov. Sollied et al. (2017) viser at systematisk jobbing kan gje betre forståing og bevisstheit rundt vaksen rolla. Dette samsvarar med Linder (2019) om at dersom ein klarar å endre fastlåst tankemønster kan det ha betydning for jobben ein gjer.

2.6.4 Systemisk rettleiing

Barsøe (2019) viser til at rettleiing er eit godt hjelpemiddel når ein skal lære av erfaringane sine og utvikle både sine handlingar og haldningar vidare. Gjennom rettleiing og refleksjon over eigen praksis kan personalet bli gode rollemodellar i ein tilbakemeldingskultur (Mevold, 2016, s. 33).

Systemisk rettleiing er ein rettleiingsmetode som byggjer på systemteori (Skagen, 2014, s. 91).

Systemteori er ein teori som fangar heilskapen ved menneske sitt liv og det menneskeskapte samfunn. Dei sentrale omgrepa i systemteori slik den blir forstått i rettleiing, er heilskap, relasjonar og sirkularitet (Skagen, 2014, s. 92). Alle fenomen i verda heng saman og det er fokus på menneske som deltar i eit sosialt system der relasjonar mellom menneske blir framheva (Skagen, 2014, s. 92). «Personar som deltar i rettleiing vil ha relasjonar til kvarandre», og alle handlingar vil på ein eller anna måte påverke alle i organisasjonen hevdar teorien bak systemisk rettleiing (Skagen, 2014, s. 92).

Systemisk rettleiing legg vekt på relasjonar mellom alle dei personane som er i barnehagen og korleis dei påverkar kvarandre. Rettleiinga fokusera ofte på kva som er den enkelte sitt bidrag til at situasjonen er som den er, og også på kva rettleiar kan gjere for å endre situasjonen. Denne rettleiingsretninga synleggjer det personlege ansvar (Barsøe, 2014 s. 38).

Nedanfor blir det referert til to forskingsprosjekt som omtalar rettleiing som metode.

Fimreite og Fossøy (2018) har sett søkjelys på korleis systematisk kollegarettleiing kan medverke til utvikling av lærande barnehagar. Funn viser at kollegarettleiing kan verke samlande, samstundes som den aukar kjensla av felleskap blant kollegar i barnehagen. Rettleiing gjev rom for fagleg kunnskapsdeling, og kan nyttast som verktøy for refleksjon over handlingar. Fimreite og Fossøy (2018) viser til barnehagar som har erfart at å delta på kurs kan ha ein verdi i seg sjølv, men deltakarane tek lite konkret med seg tilbake til personalet. Rettleiing er blant anna identifisert som ein læreprosess for å utvikle barnehagelærarar sin profesjonalitet (Fimreite og Fossøy, 2018).

Rettleiing har «virka samlande og har auka felleskapskjensla» (Fimreite & Fossøy, 2018, s. 59). Det blir vidare referert til at leiargruppa registrerer endring. «Vi ser at barnehagar er på veg frå enkeltkretslæring til å arbeide meir i lys av prissippa som kjenneteiknar dobbeltkretslæring» (Fimreite & Fossøy, 2018, s. 60). Sett frå eit relasjons perspektiv kan dette handle om å være nysgjerrig på kva andre gjer som gjer at dei opplever gode relasjonar med barn. Barnehagepersonale må stille kvarandre spørsmål, snakke ilag og gjere kvarandre gode. Relasjonskompetanse kan lærest gjennom refleksjon over eigen praksis, og nysgjerrigkeit gir rom for kunnskapsdeling.

Fimreite & Fossøy (2018) samsvarar med funn frå Høium, Jensen, Westli & Antonsen (2011). Høium et al. (2011) sitt studie er frå helseforsking. Den er knytt til refleksjon over eigen praksis og kan såleis, i denne samanheng, samanliknast med barnehagar.

Målet med studiet til Høium et al. (2011) var å belyse erfaringar frå ei refleksjonsgruppe. Samstundes ville dei belyse korleis denne metoden har bidratt til kompetanseheveing hjå dei tilsette.

Høium et al. (2011) sine informantar uttrykte at dei reflekterte meir i kvardagen enn dei gjorde før dei sette i gang med refleksjonsgruppa. Grupperettleiing bidra til faglege drøftingar. Gjennom grupperettleiing tok dei ansvar for eigne bidrag i samspelet. Informantane opplevde seg og aktive i rettleatingsprosessen. Informantane til Høium et al. (2011) uttrykte også at refleksjon ikkje lenger er noko som berre tilhøyre personalmøta. Refleksjon prega etter kvart den daglige jobben (Høium et al. 2011, s. 10).

Systemisk rettleiing kan skape ein refleksjonsprosess. Barnehagepersonale lærar av erfaringane sine, og ein tenkjer meir heilskapleg.

I dette kapittelet er det sett på kva teori og forsking seier om psykisk helse hjå små barn. Det er peika på kor viktig relasjonar mellom vaksne og barn er. Vidare er det peika på kva som er viktig når eit barn byrjar i barnehagen slik at barn opplever tryggleik. Til slutt er det sett på barnehagen som lærande organisasjon, og kvifor det er viktig å jobbe med refleksjon over eigen praksis.

3 Metode

I dette kapittelet blir det sagt noko om fenomenologi, hermeneutikk og forståing. Vidare kjem grunngjeving av vala som er gjort i høve metode, informantar, intervjuprosessen og analyse av datamaterial.

3.1 Vitenskapsteoretiske perspektiv

«Forsking kan karakteriserast som kvalitetsarbeid, både når det gjeld innhald, metode og truverde» (Befring, 2010, s. 11). Eit av formåla er at forsking har ei oppgåve» i å vere potensial for ny kunnskap og dermed for framveksten av ein fornøy fagkompetanse» (Befring, 2010, s. 11). Formålet med dette studie er å produsere ny kunnskap. Det blir samla materiell om dei tema som skal studerast og søkje etter nye måtar å forstå fenomenet på.

3.1.1 Fenomenologi og hermeneutikk

«Kvalitatitt arbeid blir ofte referert til som fenomenologiske eller hermeneutiske studiar» (Befring, 2010, s. 181). Fenomenologi inneber å setje fokus på folk sine opplevelingar og forståing av sin situasjon og av det kvardagslivet dei har (Befring, 2010, s. 181). Befring (2010, s. 181) beskriv det som eit aktørperspektiv. I denne oppgåva blir det sett fokus på seks barnehagelærarar sine tankar og

opplevingar av korleis dei jobbar med å skape eit psykisk helsefremmande miljø for dei minste barna i barnehagen.

«Ein hermeneutisk tilnærming legger vekt på at det ikke finnes en egentlig sannhet, men at fenomener kan tolkes på flere nivåer» (Thagaard, 2016, s. 41). Intensjonen som ligg bak handlinga frå informanten blir undersøkt, for deretter prøvd å forstå og fortolke den. Forståinga må setjast inn i ein tolkingsteori, den hermeneutiske sirkel, der ein pendlar frå heilskap til delar, og tilbake til heilskapen (Jacobsen, 2015, s. 126).

I denne oppgåva blir hermeneutikken brukt for å få innsikt i barnehagelærarane sine utrykk gjennom intervju og tekst når intervjeta blir transkribert. Det blir og prøvd å få tak i dei «tjukke beskrivelsane». Ein tjukk beskriving inkludera utsegn som kva informantane kan ha meint med sine handlingar, kva fortolkingar dei gjev og den fortolkinga forskar har. «En «tykk» beskrivelse inneholder altså et meningsaspekt» (Thagaard, 2016, s. 41).

3.1.2 Før-forståing

For-forståing er eit omgrep i hermeneutikken. «All forståelse bygger på en forforståelse» (Thagaard, 2016, s. 41). Vår tidlegare historie, erfaringar og forståing bidra til å farge og påverke dei bilda vi dannar oss av nye fenomen.

Det blir viktig å vurdere eiga før-forståing både når intervjuguide blir utarbeida, under intervjet, val av informantar og tolking av datamateriell.

I masteroppgåve blir det sett fokus på barnehagelærarar, og dei skal prøve å formilde korleis dei jobbar med å fremme psykisk helse hjå barn i barnehagen. Ved å nytte hermeneutisk analyse blir det lagt vekt på å fortolke informantane si forståing inn i eit vidare teoretisk perspektiv.

For å forstå menneske sine handlingar er dei hermeneutiske tolkingane viktige. Det er viktig å vere bevisst si eiga før-forståing. Før-forståinga må trekkast inn på ein slik måte at ein opnar opp for forståing av informantane sine utsegn.

Forskar vil sjølv transkribere datamaterialet som kjem inn, dette for å komme tettare inn på informantane si forståing og klare å trekke ut kva dei meina.

3.2 Val av metode

Problemstillinga vil bli belyst utifrå ein kvalitativ metode. Det blei valt ein kvalitativ metode fordi den inneber nær kontakt mellom forskar og dei som blir studert, gjennom blant anna intervju (Thagaard, 2016, s.11).

Gjennom ein kvalitativ metode er ynskje å få fordjuping i temaet og svar på problemstillinga. Kvalitativ studie har det kjenneteikn at dei ofte har få informantar, men at ein kan gå meir i djupna. Metoden kan gje fyldig data om personalet si oppfatning av psykisk helse og korleis det vært jobba med relasjons perspektivet når eit barn byrjar i barnehagen. Ein kvalitativ metode er fleksibel og problemstillinga kan utdjupast og forskingsdesign kan reviderast i løpet av prosjektet.

3.2.1 Semi-strukturert intervju

Intervju er ein særlig veleigna metode til å gje informasjon om korleis personar som intervjuast opplever og forstår seg sjølv og sine omgjevnadar (Thaagard, 2016, s. 58).

Eit intervju kan vere prega av lita struktur, og kan betraktast som ein samtale mellom forskar og informant kor hovudtema er bestemt på forehand. Ein anna tilnærming er intervju med meir strukturert opplegg. Spørsmåla er utforma på førehand og rekkefølgja er i stor grad fastlagt.
«Fordelen med en strukturert tilnærming er at svarene er sammenlignbare, fordi alle intervjugersonene har gitt informasjon om de samme temaene» (Thaagard, 2016, s. 98).

I denne oppgåva blir det nytta semi-strukturert intervju. Intervjuguiden er utforma slik at den har fokus på eit bestemt tema og forskingsspørsmål. Fordelen med denne metoden er at den er fleksibel og ein kan rette opp misforståingar. Metoden fungera godt om det er ynskje at informantane skal utdjupe meir, som «fortel meir om det.....», eller «kan du gje meg eit døme». Svara blir og samanliknbare gjennom strukturert tilnærming (Thagaard, 20016 s. 98). Alle informantane har gitt informasjon om det same tema.

3.2.2 Gruppeintervju

Gruppeintervju kan være nyttige for å få innsikt i haldningar og meininger hjå personar innanfor det feltet vi skal studere. Diskusjonane i gruppa kan bidra til å utdjupe dei tema som er relevant for studiet (Thagaard, 2016, s. 99). Det blei gjennomført gruppeintervju nettopp på bakgrunn av ynskje om at informantane responderte på kvarandre sine synspunkt og dei ulike haldningane blei meir synleggjort. Målet var å ha tre stykk i kvar gruppe, men etter ønske frå informantar og av omsyn til personvern blei det to stykk i kvar gruppe. Alle informantane hadde eit felles grunnlag å diskutere utifrå, dei jobba alle på småbarnsavdeling. Fallgruva med gruppeintervju kan vere at det kan vere ein person som er frampå og den andre blir passiv. Dette blei sikra gjennom å be informantane svara annakvar gong. Eit gruppeintervju kan ha ein tendens til å «skjære ut» (Jacobsen, 2015, s. 90). Informantane heldt seg til tema.

«Et gruppeintervju kan være med på å starte en tankeprosess der den enkelte bearbeider sine erfaringer i løpet av intervjuet» (Jacobsen, 2015, s. 89). Gjennom gruppeintervju blir det gitt

informantane tid til å tenkje medan den andre svarar. Når ein informant fortalte om sine opplevingar, kunne den andre utdjupe og komme med fleire innspel. Informantane kunne utvikle meningar i løpet av intervjuet.

3.2.3. Intervjuprosess

Gruppeintervju gjorde til at det blei utfordringar med gjennomføringa. Det gjekk ikkje annå å gjennomføre intervju på alle informantane sine arbeidsplassar sidan dei kom frå ulike barnehagar. To informantar ønska intervju på eigen arbeidsplass, dei andre forgjekk på nøytral plass. Informantane hadde fått ut informasjonsbrev i forkant (vedlegg 2). Vi gjekk likevel igjennom det for å sikre at dei hadde fått god informasjon om prosjektet. Det vart presisert at dette studiet la vekt på informantane sine erfaringar og tankar som barnehagelærarar, og at ingen svar var rett eller galt.

3.2 Datainnsamling

3.3.1 Intervjuguide

I eit kvalitativt intervju bør det utarbeidast ein intervjuguide i forkant. Intervjuguide sikrar at vi kjem inn på dei tema som vi ynskjer å belyse (Jacobsen, 2015, s. 91) Personalet sine synspunkt og opplevingar av arbeidet med psykisk helse i barnehagen kan gje svara på forskingsspørsmåla.

Intervjuguiden (vedlegg 4) inneheld i starten spørsmål som gjekk på opplysningar om informanten, t.d. kor mange år dei hadde jobba i barnehageyrket. Når intervjuguiden blei utarbeida blei det tatt utgangspunkt i forskarspørsmåla. Forskarspørsmåla blei brukt som overordna tema og det blei laga spørsmål til dei. Det vart laga ein del opne spørsmål som: har barnehagen, er du, fortel, beskriv. Då unngår ein å legge for mykje føringar for svar. Det blei og lagt til: kan du komme med døme, fortel om ei hending. Då blir svara gjerne meir utdjupande.

Det blei gjennomført to prøveintervju i forkant. Dette blei gjort for å prøve ut det tekniske utstyret og sjå til at lyden fungerte. Sjølve intervjuguiden fungerte bra og det blei ikkje gjort nokre endringar.

3.3.2. Val av informantar

Omgrepet informant er personar vi tar kontakt med fordi dei har spesielle kunnskapar om temaet vi studera (Thaagard, 2016, s. 97). Studie ynskjer å undersøkje kva fokus barnehagelærarar har når eit nytt barn byrjar i barnehagen, og kva dei legg i omgrepet psykisk helse. I ein kvalitativ studie er ikkje tal informantar det sentrale, men om dei kan gje oss god og interessant informasjon i forhold til problemstillinga (Jacobsen, 2015, s. 114). Det blir henta informasjon frå barnehagelærarar på småbarnsavdelingar då problemstillinga er knytt opp mot psykisk helse og dei minste barna i barnehagen.

Av praktiske omsyn, og på bakgrunn av personvern, blei det lagt vekt på å rekruttere barnehagar frå andre kommunar enn eigen kommune. Det blei nytta opptaksutstyr ved gjennomføring av intervju for å sikre at ein får tak i det informantane formidlar. «Den mest komplette formen for registrering finner vi når vi bruker båndopptak av intervjuer», (Jacobsen s. 127, 2016).

Styrarar i barnehagar som hadde småbarnsavdelingar blei kontakt via mail, og styrar plukka ut informantar.

3.4 Datamaterial

3.4.1 Transkribere

Direkte utskrift av lyd opptak er svært omfattande (Jacobsen, 2016) og det er difor anbefalt å ta notatar i løpet av intervjuet. Det blei tatt med penn og papir og notert ned tankar og inntrykk undervegs. Intervjuet blei transkribert same dag. Det var tidkrevjande å transkribere intervjuet, det blei spola tilbake gang på gang for å få tak i nøyaktige ord som vart sagt. Intervjuet blei skreve ordrett av og det blei tatt med pausar, sukk osv.

3.4.2 Analyseprosess

Det finst mange ulike tilnærmingar til analyse av kvalitativ data, og ein må finne den tilnærminga ein opplever ligg si forsking nærmast. Jacobsen (2015, s. 126) beskriv innhaldsanalyse som ein teknikk der data deles inn i tema eller kategoriar for deretter forsøker å finne samanhengar mellom kategoriane. «Innhaldsanalyse er retta mot å både forenkle og berike data» (Jacobsen, 2015, s.130).

Innhaldsanalyse følgjer vanlegvis desse fasane (Jacobsen, 2015, s. 130-135):

Tematisere: Første steg er å forsøke å forenkle og strukturere den enkelte eining. Vi redusera ein tekst til eit sett tematiske einingar. I dette studiet kan det vere å sjå på korleis barnehagelærarane definera omgrepet psykisk helse. Kva er dei viktigasteorda som barnehagelærarane brukar for å beskrive psykisk helse og relasjonar.

Kategorisere: Her gruppera vi tema og leitar etter fornuftige kategoriar som kan skape ein struktur i teksten. Her blir det kategorisert i forhold til forskarspørsmåla. Det blir også viktig å lage kategoriar utifrå data, ikkje teorien.

Fylle kategoriane med innhald: Dette kan gjerast ved å illustrere dei med sitat. Gjennom studiet vil det bli tatt eit utval av sitat frå intervjuet og belyse kva informanten legg i sitatet.

Telle kor ofte eit tema blir omtalt: I innhaldsanalyse er det vanleg å telle opp kor mange utsegn i løpet av eit intervju som fell innanfor dei ulike kategoriane. Her kan ein telle opp om informantane brukar same ord for å beskrive t.d. omgrepet psykisk helse.

Samanlikne intervju og leite etter forskjellar og likskap mellom dei: I datamaterialet kan ein sjå etter om psykisk helse og relasjonar kan beskrivast på ulike måtar.

Leite etter forklaringar på ulikskap: Her blir det å sjå fleire intervju i samanheng, og gå inn i datamaterialet og leite etter forklaringar. Er det tema som blir tatt opp i alle intervju? Er her ulik oppfatning av kva barnehagar legg vekt på når eit barn byrjar i barnehagen? Ein må gå inn i teksten og leite etter eventuelle ulikskapar.

Dei som brukar innhaldsanalyse brukar gjerne «grad av samsvar mellom ulike menneskers syn som et «bevis» på sannhet (Jacobsen, 2015, s. 135).

3. 5 Kvalitetskriterier

3.5.1 Reliabilitet

Reliabilitet handlar om forskinga si pålitelegheit (Thagaard, 2016, s.200). Omgrepet reliabilitet referera til spørsmål om ein anna forskar ville komt fram til same resultat (Thagaard, 2016, s. 201). Lesar må overtydast om at forskinga er utført pålitelig og på ein måte som vekker tillit. Funn, resultat, analyse og drøftingar i studiet ville mest truleg vært annleis om det hadde vært utført av ein anna person. Dette fordi vi aldri kan fri oss heilt frå vår eigen før-forståing, og det vil gjere det vanskeleg å etterprøve resultata.

Funn bygger på svar frå intervjeta. Spørsmåla var opne og det blei følgt opp med oppfølgingsspørsmål om nødvendig. Ledande spørsmål blei unngått. Det er gjort lyd opptak av intervjeta. Fordelen med opptak er at alt som seiast blir bevart (Thagaard, 2016, s. 112). Dei transkriberte tekstane har vært gjennomgått fleire gongar. Det har ikkje blitt gjennomført nye intervju

Spørsmåla i intervjuguiden blei ikkje gjort kjent for informantane på førehand. Dersom spørsmåla var kjende på førehand kunne ein risikert at informantane hadde sett seg meir inn temaet. Informantane kunne svart det dei trudde forskar ville ha svar på og ikkje komet fram med eigne meningar og erfaringar.

Informantane blei opplevd imøtekommande og engasjerte.

3.5.2 Validitet

Validitet handlar om gyldigheit av dei tolkingane studie fører til (Thagaard, 2016 s. 194). Validitet kan vurderast med «henblikk på spørsmålet om resultatene av undersøkelsen representerer den virkeligheten vi har studert» (Thaggard, 2016, s. 204). I lys av dette studiet blir det om ein har klart å svare på problemstillinga og forskarspørsmåla. Det er nytta kvalitativ metode og innhaldsanalyse.

Valet er basert på kva som er best eigna for å svare på forskarspørsmåla, men det er og tenkeleg at andre metodar kunne vært nyttig.

Informantane delte mykje av sin erfaringar og meiningar. Det blei gitt utdstrupande svar gjennom døme og historier. Det blei og stilt oppfølgingsspørsmål. Alle informantane fekk same spørsmål, og forskar gjennomførte sjølv intervjua og transkriberte. Informantane var barnehagelærarar på småbarnsavdeling og som ein tenkte kunne ha kunnskap om dette tema. Data frå kjelder med god kunnskap om emnet kan i stor grad underbygge argumentet om at den informasjonen vi har, er påliteleg eller gyldig (Jacobsen, 2015 s. 149).

3.5.3 Generalisering

Generalisering blir knytt til vurdering av spørsmålet om tolkingar som er gjort i dette studiet og kan gjelde i andre samanhengar (Thagaard, 2016, s. 205)

Kvalitativ metode, med få informantar, blir gjerne ikkje sett på som generaliserbart (Thagaard, 2016, s. 152). I dette studiet er det undersøkt informasjon frå seks barnehagelærarar,

Det er prøvd å få tak i dei tjukke beskrivingane (Thagaard, 2016, s. 22). Dei tjukke beskrivingane har utgangspunkt i informantane sine utsegn og drøfta opp mot relevant teori. Dette kan ha overføringsverdi til andre barnehagelærarar, men med forsiktigkeit då studiet er basert på få informantar.

Sjansen for at andre barnehagelærarar kjenner seg igjen i teksten kan vere til stades. Informantane har ein forståing av korleis ting er. Den kunnskapen kan delast og overførast. Det kan vere nokre fellestrekks som gjer at andre kjenner seg igjen. Lesar kan og få ei større forståing og det kan gje grunnlag for utvikling av meining. Det kan vere snakk om generalisering frå empiri- til teoriplan (Jacobsen, 2015, s. 154).

Oppgåva er forankra i Kunnskapsdepartementet (2017), og gir retningslinjer for barnehagen sine oppgåver og innhald. Dette er eit kjent dokument for alle i barnehagen, og funn kan vere representativ for fleire barnehagelærarar eller andre som jobbar i barnehagen.

«Teoretisk generalisering baserer seg på at den studien som representerer utgangspunktet for argumentasjonen for overføring av fortolkninger, har bidratt til å utvikle en forståelse av grunnleggende trekk ved det fenomenet som studeres» (Thagaard, 2016, s. 211). I dette studiet er teori og forsking stort sett basert på forskar si før-forståing. Dette kan ha påvirkta resultatet.

3.5.4 Kritisk blikk på eiga forsking

Informantane til studiet deltok frivillig, og det kan vere ein sjanse for at informantane har vært spesielt opptatt av tema. Det kva vere at dei har svart det dei «trur» forskar vil ha svar på, og det kan gje eit feil bilde av røynda. Informantane vart opplevd engasjert.

Prosessen har vært lærerik, men det er fortsatt mykje å lære. Forskar har ein del kunnskap om barnehageyrket og kjenner kvardagen i barnehagen godt. «I kvalitative studier gir *fortolkningen grunnlag for overførbarhet*, og ikke beskrivelser av mønstre i dataene (Thagaard, 2016, s. 210). Det kan være ein fare for at tolking av funn er gjort utifrå før-forståelsen og erfaringar. Det er ikkje til å unngå at prioriteringane av kva som er blitt vektlagt kan ha vært farga av kva forskar har opplevd som viktig. Forskar med ei anna før-forståing kunna ha kome fram til andre resultat enn det som er blitt presentert i dette studiet. Eit anna teoretisk perspektiv og forsking kunne og ha kome fram til eit resultat.

Ein sentral del av analysen er bruk av sitat. Spørsmålet er om det er trekt ut dei rette sitata? Intervjuet er lange og kan ikkje presenterast i sin heilskap, det må takast nokre val. Intervjuet har vært lest gjennom fleire gongar, men det kan likevel vere ei sjans for at det er valt «feil» sitat.

Det kan tenkast at funn og resultat hadde vært annleis om det hadde vært stilt andre spørsmål. Hadde det blitt andre svar dersom spørsmåla var utsendt i forkant? Som forskar kan det stille mange kritiske spørsmål til undersøkinga.

Kunnskap og haldning hjå informantane kan og ha vært med på å påverke resultatet. Seks informantar er ei lita gruppe å hente informasjon frå. Resultata kan vere vanskeleg å overføre til andre områder enn barnehagen.

3.6 Etiske omsyn

Etikk er ei rettesnor for korleis forskar skal handle. «All vitenskapelig virksomhet krever at forsker forholder seg til etiske prinsipper som gjelder internt i forskningsmiljøer så vel som i relasjon til omgivelsene» (Thagaard, 2016 s. 24). Det er viktig å ta omsyn til moglege etiske spørsmål heilt frå starten til den endelige masteroppgåva er ferdig.

Normer for vitskapeleg redelighet er presistert gjennom «De nasjonale forskningsetiske komiteer» (NESH). For denne oppgåva gjeld retningslinjer for samfunnsvitskap, humaniora, juss og teknologi, men og generelle forskingsetiske retningslinjer (NESH).

3.6.1 Informert samtykke

Bakgrunnen for informert samtykke er at den som undersøkast skal delta frivillig i undersøkinga. Den som blir undersøkt skal vite alt om kva farar og gevinstar ein deltaking kan medføre (Jacobsen, 2015, s. 31). Det vart utarbeida informasjonsskriv til informantane. Der vart det informert om problemstillinga, at det var frivillig, og at dei kunne trekke seg frå prosjektet utan å gje opp nokon grunn. Samtykkeskjema blei underskreve før intervjua starta.

Det vart søkt til Norsk samfunnsvitskapelege datateneste (NSD). Godkjent søknad vedlegg nr. 1

Personopplysningar definerast som «opplysningar som direkte eller indirekte kan knytast til ein enkeltperson» (Thagaard, 2016 s. 25). I kvalitativ metode er det direkte kontakt med informantar.

Det er presisert gjennom samtykkeerklæring (vedlegg 3) at informantane ikkje vil vere identifiserbare gjennom namn eller andre personlege kjenneteikn.

Informantane har krav om at all informasjon blir behandla konfidensielt. Gjennom samtykke blei det sikra korleis eit lyd opptak skulle brukast og kven som hadde tilgang til det som blei sagt. Det er brukt fiktive namn i oppgåva for å sikre full anonymitet. I drøftingsdelen er fiktive namn omgjort til informant. Lyd opptaka blir sletta så snart oppgåva er godkjent. Det har og vært viktig å sikre full anonymitet på bakgrunn av gruppeintervju. Informantante ville kunne kjenne kvarandre dersom det blei intervjua fleire barnehagelærarar frå same barnehage. Dette blei spesifisert i samtykkeskjema.

Deltakarane skulle vere trygge på at deira anonymitet blei tatt vare på.

Problemstillinga er ikkje formulert som eit sensitivt tema. Det blir ikkje forska for å avsløre noko som er privat. Det blir forska for å beskrive noko. Teieplikta var likevel viktig å poengtere for informantane.

4 Presentasjon av funn

I dette kapittelet blir funna og tendensane i intervjua presentert. For å illustrere hovudtendensane i materialet vil fokuset vere å bruke forskarspørsmåla som overskrifter.

Først kort presentasjon av informantane. Resultata bli inndelt i forskarspørsmåla. Vidare vil spørsmål frå intervjuguiden, tema eller utsegn som kom fram i intervjua bli brukt som underpunkt. Dette for gjere stoffet meir strukturert og oversiktleg.

4.1 Bakgrunn og utdanning til informantane

Informant	Utdanning/år	Vidareutdanning	Yrkeserfaring i barnehage
Barnehagelærar - Mia	1995	Ja	24 år
Barnehagelærar - Kari	2016	Nei	12 år
Barnehagelærar -Tone	2000	Ja	18 år
Barnehagelærar - Silje	1992	Ja	27 år
Barnehagelærar - Kaja	2011	Ja	8 år
Barnehagelærar - Åse	2010	Ja	38 år

Alle informantane er kvinner, utdanna barnehagelærarar, og jobbar som pedagogiske leiarar på småbarnsavdeling. Fire har lang fartstid og viser til fleire vidareutdanningar. Informantane har fått fiktive namn.

4.2 Kunnskap om psykisk helse

Her blir nokre av funna som kom fram når barnehagelærarar fekk spørsmål om kva dei legg i omgrepet psykisk helse. Dette var første forskingsspørsmålet.

Silje seier ho forstår psykisk helse som « kor godt ein taklar dei påkjennningar og som stress møter ein. At ein har fleksibilitet og robusthet til å komme seg gjennom livet». Ho fortel vidare at ein må « vere glad i seg sjølv og det ein er og kan».

Kaja beskriv psykisk helse som korleis ein har det, og Åse legg til «korleis ein greier å leve med det ein har».

Mia seier at ho ser på psykisk helse som at barna har ei god sjølvkjensle. Mia seier vidare det «handlar det om heile barnet».

Kari beskriv psykisk helse som «tankar og følelsar». Ho avsluttar med å sei «velvære og korleis kvardagen er, og det å takle normalt stress».

Tone forstår psykisk helse som tankar og kjensler, knytt til sjølvet og til omgjevnadane.

4.2.1 Rammeplan for barnehagen

Informantane fekk spørsmål om dei hadde jobba med rammeplan og kva den seier om psykisk helse. Dei fekk spørsmål om dei hadde jobba fram ei felles forståing for omgrepet psykisk helse.

Fem av informantane svarte at dei hadde jobbe med rammeplan. Dei hadde hatt den som gjennomgåande tema, men ikkje jobba spesifikt med omgrepene psykisk helse.

Tone svarar «ja» og legg til «personalet har arbeid med innhaldet i rammeplanen på ulike måtar, og har delteke på fagdagar om tema».

Informantane har sagt kva dei legg i omgrepene psykisk helse og om det har vært jobba med det i samband med rammeplanen. Vidare får vi lese kva informantane seier om å ha ei felles forståing for omgrepene psykisk helse.

Når Silje får spørsmål om det er ein felles forståing for omgrepene psykisk helse i barnehagen svarar ho «ja, i stor grad, og det har vorte betre etter at det har vorte sett på dagsorden, spesielt det siste året». Tone svarar «nei, eigentleg ikkje». Ho utdjupar det med at «eg opplever at alle trur vi meiner det same, men ser når det kjem til praksis at grunnlaget er forskjellig».

Åse fortel at «Vi har ein (røyser seg for å finne) sånn handlingsplan for psyko-sosialt arbeid. Korleis vi jobbar som enkeltpersonar og personalgruppe. Den går vi gjennom og alle har jo eit forhold til den».

Kari svarar dei «har drøfta det men ikkje landa på noko felles». Ho fortel vidare at dei skal ha kurs om psykisk helse. Mia opplever at det er ein felles forståing av omgrepene psykisk helse «men om vi utøve det likt i handlingane våre er eg meir usikker på. Vi er ulike og har ulike måtar å jobbe på»

4.2.2. Kompetanse og kunnskap

Informantane fekk spørsmål om dei opplevde at dei hadde kompetanse og kunnskap på området.

Silje svarar « vi har ikkje nok kunnskap». Ho seier at «eg trur at den beste måten å få betre kunnskap og kompetanse på er å jobbe på same måten som vi har gjort dei siste år». Det vil sei «speike ut område å jobbe med og setje opp nokre punkt som vi skal øve på å gjere annleis for deretter å evaluere ny og gammal praksis opp mot kvarandre og i forhold til kva vi meiner er standarden».

Tone seier at «barnehagen har kunnskap og kompetanse».

Kaja « tar vidareutdanning for å få inn ny kunnskap. Ikkje gå fast i den same gamle tralten og få ny innputt». Ho fortel vidare «sånn at ein er styrka til å kunne sjå og fremme psykisk helse i barnehagen. Ta med seg dei andre vaksne i barnehagen, veilede».

Åse svarar at «dei er flinke til å rettleie kvarandre».

Kari svarar at ho har ein del kompetanse etter kvart, men «at eg aldri blir ferdig utlærd». Ho fortel vidare «vi kan alltid gå på kurs og få ny kunnskap, men eg trur at den beste kunnskapen får vi med å snakke og drøfte med kvarandre. Vi lærer mykje ved å snakke ilag».

4.2.3 Historier om psykisk helse

Etter å ha hørt informantane reflekterte rundt psykisk helse i barnehagen, fekk dei spørsmålet om dei kunne fortelje historier der dei opplevde at dei fremma psykisk helse. Historiene blir gjenfortalt i sin heilskap.

Silje: «Gut 3 år grin fortsatt nesten kvar dag når mamma går. Personalet har prøvd ulike variantar av avledning og sysselsetjing, men guten kjem stadig tilbake til gråten. Eg seier «det er dumt når mamma går». Guten hikstar «Ja». «Då må du gråte», og guten hikstar «ja» igjen. Eg spør om eg skal trøyste, han ristar på hove. Eg spør om han berre må gråte til han er ferdig? Han nikkar. Eg spør om han kan sei frå når han er ferdig og han nikkar igjen. Når han er ferdig seier han «no er eg ferdig» og det er han.

Mia: «Sette meg ned på golvet og la barnet få nærme seg meg på sin måte, ikkje påtvinge noko ungen ikkje er klar til. Passe på at ting blir gjort gradvis i innkøyring slik at ingen blir skremt. Det opne fanget, når dei er klar til å sleppe deg, men ikkje tote det må dei få lov til å komme tilbake til fanget ditt»

Kari: «når barnet ikkje vil gå frå foreldre om morgonen. Då tek eg barnet i armane mine og tilbyr trøyst. Snakkar med barnet, t.d. «kva vil du at eg og du skal finne på no, skal vi sette oss i sofaen og kvile litt?». Mang ein gong eg har hatt eit barn på fanget og ete frukost ilag med dei.»

Kaja: «Nokon slit med å komme inn i leik. Vil veldig gjerne vere med dei to som lagar det sandslottet. Istadenfor å sette seg ned med spade så køyrer han over med gravemaskin. Som vaksne, det å kunne vere der og sei «å ta den spaden du» og hjelpe den inn i leiken».

Åse og Tone kom ikkje på nokon historier i farten.

For å prøve å få i gang fleire historier blei det stilt spørsmål om dei kunne fortelje historier der dei opplevde at dei lytta, støtta og utfordra barnet.

Fire av seks informantar kunne ikkje komme på nokon historier, medan Silje og Mia hadde historier å fortelje.

Silje fortel at ho forklarar og fortel til barnet. «Eit barn som er redd for alle lydar blir forklart at «eg skal hjelpe deg å få det til». Ho lar engstelige barn få bruke tid til observering utan å forvente deltaking, men og utan å gjere noko stort nummer av det. «Det barnet som helst vil ete frukost som det første det gjer i barnehagen får det, sjølv om det åt frukost heime og kom ein time seinare».

Mia fortel at ho hjelper og støttar barnet i rutinesituasjonar og når dei skal kle på barnet. «viktig å finne augeblikk der ein ser barnet treng oss». I leiken er det også viktig å støtte barnet når dei gjer noko bra. «Kanskje dei deler ein leike med kvarandre, då er det tommel opp», seier ho vidare.

4.2.4 Oppsummering

Vi har sett på kva informantane legg i omgrepene psykisk helse, og om kva kompetanse og kunnskap dei har på feltet. Informantane har og fortalt historier der dei beskriv handlingar frå barnehagekvarden som fremmer psykisk helse.

Funna viser at informantane brukar ordet *stress* når dei skal beskrive psykisk helse. Dei knyt psykisk helse opp mot tankar og kjensler. Dei snakkar om fanget, kor viktig det er med eit godt fang der barna føler tryggleik.

Ein av seks informantar svarar «ja» når dei får spørsmålet om dei har jobba med psykisk helse og rammeplanen.

Ein informant fortel at det er ein felles forståing av omgrepene psykisk helse.. Det blir og sagt at ein ikkje opplever at det er ein felles forståing, «opplever at alle trur vi meina det same, men i praksis er grunnlaget forskjellig».

4.3 På kva måte blir perspektivet på relasjonar ivaretatt når eit barn byrjar i barnehagen?

Informantane viser til at tilvenning er viktig i barnehagen. Informantane fekk spørsmål om kva det inneber for små barn å ha det bra, og kva dei tenkjer er kvalitet på ei småbarnsavdeling.

Silje gjev uttrykk for at barna kjenner tryggleik og at dei opplever å ha det bra med seg sjølv og vere den dei er. Tone fortel at det inneber at dei kjenner tryggleik, omsorg og fellesskap. «At barna har vaksne som ser og anerkjenner barna og deira behov». «Bevisst på dei som byrjar å vandre, dele heller opp i mindre grupper, alle blir sett og høyrte og vere med i leiken».

Kaja svarar at «du ser at dei trivast». Vidare fortel ho «når barna byrjar har vi fokus på tilknyting, bli kjent med dei» Kaja svarar «ser det på følelsen om dei har det bra». Åse svarar «når ungane har tilknytingspersonar i barnehagen blir du blir ekstra kjent med dei». Ho føye til «ein må vere obs på dei som ikkje kjem inn i leiken».

Kari seier at det inneber at «dei små barna har eit fang å sitte på, og at dei er trygge. At dei tør å vise sinne og glede». Ho nemner også at barna «får den forståinga frå den vaksne om korleis kvarden kan vere for dei»

4.3.1 Kvalitet

Kvalitet på småbarnsavdeling er at «vi som vaksne ser barna sine behov og at vi er romslige i handlingane våre», svarar Mia. Med romsleg seier ho «at vi har stor takhøgde for at barna er ulike og at dei kjem med ulik ryggsekk i barnehagen». Ho svarar vidare at «vi skal ha eit godt fang der barna både kan søke hamn og bli dytta vennleg framover. At vi viser forståing for barn sine behov og følelsar.». Vi må jobbe med å skape tryggleik, og vere bevisst vår rolle og skape gode relasjoner avsluttar ho med å sei.

Åse svarar at «kvalitet er stabile vaksne, nok personalet. Gode rutinar og struktur på dagen».

Kaja svarar «nærleik og tryggleik».

Mia fortel at «ein har tid, brukar golvet og er der ungane er. Ein skal leike saman med dei, kvile med dei. Legge til rette for god tid når ein skal skifte bleie. Bruke kommunikasjon saman med dei».

Kari svara at kvalitet er vaksne som ser barnet sitt behov, støttar og hjelper barnet. Hjelper barnet til å mestre, og samtidig har eit trygt fang når barnet treng det».

Silje: «barn som er trygge og har gode relasjoner til dei vaksne. Vaksne som leser barn sine signaler, møter og anerkjenner dei og lar dei medverke. Tid og rom og ro til fordjuping og vilje og evne til å følgje barna. Foreldre som opplever seg velkomne og høyrt og respektert»

4.3.2 Foreldresamarbeid

Informantane fekk spørsmål om psykisk helse har vært tema på foreldremøter og om det er nedfelt i årsplanen.

Fem av seks informantane seier at psykisk helse ikkje har vært eit tema på foreldremøte.

Mia seier at det har vært tema på både foreldremøte og samtale.

Kari svarer: «når det starta nye barn i barnehagen har vi oppstartsamtale og der er eit av punkta at foreldre skal beskrive barn si psykiske helse»

Fem av seks informantane seier at arbeidet med psykisk helse ikkje er nedfelt i årsplanen til barnehagen.

Tone svarar «ja!»

4.3.3 Trygg start i barnehagen

Det er blitt sagt noko om kva barnehagelærarane legg i kvalitet på ei småbarnsavdeling, og kva det inneber for små barn å ha det bra. No skal vi høre om kva rutinar dei har etablert for å skape ein trygg start for dei minste barna i barnehagen.

Fem av informantane fortel at dei opprettar primærkontakt for barna når dei byrjar i barnehagen for å sikre ein trygg start. «Etablere gode rutinar og halde på dei» svarar Tone. Mia fortel at hennar barnehage har utarbeida faste, nedskrivne rutinar for tilvenningsperioden. «I desse rutinane er det lista opp kva vi skal legge vekt på, kven som har ansvaret for kva osv. Eg fekk sjå rutinane for tilvenningsperioden og der stod det lista opp: ha alt det praktiske klart (hylle, skuffe), alle tilsette skal presentere seg, fleksibilitet med å tilpasse vakter og pausar, vise barn og foreldre rundt i barnehagen, primærkontakt tek imot om morgonen, organisere avdelinga. Det stod ingenting om relasjonar og kva som var viktig å legge vekt på, det var mest praktiske påminningar.

Mia snakkar om oppstartsamtale der nye foreldre alltid blir innkalla. «Der vi snakkar om livet til barnet før det er født til dei byrjar i barnehagen. Har barnet hatt det vanskelig, traume, problemer i familien, opplevd vold eller foreldre som drikker alkohol. Grei samtale å bruke og nyttig informasjon om ungen som er god å ha».

Kaja og Åse svarer at dei har foreldremøte om våren, «for å trygge foreldra». Spesielt dei 3 første dagane er viktig, korte dagar og godt samarbeid med foreldre. «Vi får igjen for det seinare. Skape tryggleik ilag med foreldre» seier Åse

Tone svarar at ein må rydde tid til foreldrekontakt, «etablere god kontakt med føresette».

«Tid, tid og tid i innkøyringa» seier Silje. Opne dører og open invitasjon til å være i barnehagen. «Primærkontakt blir oppnevnt, men om barnet helt tydleg får bedre kontakt med ein anna vaksen, snur vi oss i farta og lar barnet velge sin vaksen. Intime situasjonar som mat, legging og stell lar vi barnet få styre kven det er tryggast på skal gjere det. Det er oftast primærkontakten, men ikkje alltid».

Når informantane har snakka om kva rutinar dei har for å etablere ein god start får dei spørsmålet om kva dei treng av kompetanse og kunnskap for å fremme psykisk helse på småbarnsavdeling.

«Vi treng først og fremst å vere rolege, forståelsesfulle og opne» svarar Åse.

Silje seier vi treng relasjonskompetanse, kunnskap om korleis barn lærer og evne til å inntone seg og følgje barnet. «Å klare å endre praksis i forhold til kva og kven du har å gjere med er og viktig. Med andre ord både endringskompetanse, endringsvilje og endringskapasitet». Ho utdjupar det siste med at det «heng saman med kor stor belastning personalressursen utsettast for i form av mange barn med utfordringar, mykje sjukdom i personalet, dårlig bemanning, leiing og slikt».

Tone seier at vi treng « kunne støtte barna i samspel med andre og kunne avdekke ting som kan skape psykisk uhelse og handle i høve dette».

Mia seier ein « bør ha forståing for korleis ungar kan ha det og vere ein god rollemodell. Ein må bruke dei kunnskapane ein kan lære seg dersom ein ikkje har nok kunnskap».

Kari seier at «nærleik og forståing er viktig. Gode relasjonar, humor og glede. Vi må vite ein del om kva som gjer at barn har det bra. Tilknyting og relasjonar er viktige punkt. Vi må vite kva vi vaksne skal og kan gjere for at barn skal ha det bra».

Etter å ha hørt kva informantane svarar at dei treng for å fremme psykisk helse får dei spørsmål på kva måte dei gir næring til små barn si psykisk helse.

Åse svarar «Tryggleik og tryggleik».

Kaja svarar med å «gje dei tryggleik. Vere god og varm. Hjelpe dei, veilede dei».

Kari seier ho «gir næring til barns si psykiske helse ved å vere til stades når barnet treng ho, og elles når det ser ut til å ikkje trenge ho. Støtte barnet i deira følelsar». Ho fortsetter med å sei: «det kan vere noko så enkelt at dei ikkje får den leiken dei vil ha. Enkelt, men likevel vanskeleg for eit lite barn å forstå».

Mia svarar at ho «prøver å ha eit opent fang, prøver å lytte til dei, prøve å veilede dei. Ho prøver å ha forståing for utfordringane dei kan ha. Ungar er ikkje vanskelege, men kan ha det vanskelig».

Tone fortel at ho gir næring til barns psykiske helse ved å vere» støttande og anerkjennande. Å vere ein trygg voksen med opne armar og stort fang».

Silje svarar at ho «anerkjenna og møter barnet der dei er med varme og samtidig vere tydelig. Vise alternativ til måtar å møte hindringar på. Alltid gje nye sjansar om noko går skeis».

4.3.4 Relasjon

Etter å ha snakka om korleis ein gir næring til barn si psykiske helse får informantane spørsmålet om kva dei legg i gode relasjonar

Kaja svarar «som vaksne har vi vaksne ansvar for relasjonen til barnet».

Åse svarar at ein må jobbe med det heilt i det daglege. Ho seier: «det er ikkje hjelp i å få ein god relasjon når du mest treng den, du må ha den før du kjem så langt».

Kari svarar at du viser forståing for barnet, at barnet ser på deg som ein trygg voksen.

Mia fortel « at du har ein god måte å snakke med ungane på. Lytte til dei. Du må sette deg ned på golvet når ungane vil det. At du respondere på det ungane vil du skal gjere».

«At barnet er trygg på at den vaksne vil vel, er glad i uavhengig av åtferd og prestasjon» svarar Silje..
Ho seier vidare er «at det er barnet som definere om relasjonen er god eller ikkje».

«Trygg relasjon der barnet blir sett, høyrt og anerkjent, tatt på alvor. Der det er omsorg og støtte»,
svarar Tone.

4.3.5 Oppsummering

Vi har høyrt kva barnehagelærarar opplever som kvalitet på ei småbarnsavdeling, og kva det inneber for små barn å ha det bra. Informantane har sagt kva rutinar dei har på si avdeling for å etablere ein god start, og til slutt sagt noko om kva dei legg i gode relasjoner.

Funna viser at kvalitet blir opplevd som stabile vaksne, gode rutinar og struktur. Informantane beskriv kvalitet som nærleik og tryggleik, at ein har tid og er der ungane er. Kvalitet er vaksne som ser barna sitt behov, og vaksne som er «kloke og støttande». Kvalitet er og vaksne som har gode relasjoner til barna, som les barna sine signal, møter og anerkjenner.

Funna rundt kva det inneber for små barn å ha det bra viser at barnehagelærarar er opptatt av at barna kjenner tryggleik og at dei har det bra med seg sjølv. «At barna har ein vaksen som ser og anerkjenner barna og deira behov». Fleire av informantane snakkar om det gode fanget, «der barna kan søkje hamn og bli dytta vennleg framover». Fanget blir beskrive som barn sin tryggleik.

Ein informant seier at psykisk helse har vært tema på foreldremøte. Fem av seks informantar seier at arbeidet med psykisk helse ikkje er nedfelt i årsplan.

Funn viser at fem av informantane opprettar primærkontakt når barnet byrjar i barnehagen. Oppstartsamtalar og foreldremøte i forkant av barnehagestarten blir og nemnt.

Ein informant fortel om nedskrivne rutinar for tilvenningsperioden.

For å fremme psykisk helse i barnehagen viser funna at barnehagelærarar treng å vise forståing og vere opne. Funna viser vidare at ein treng relasjonskompetanse, kunnskap om barn. Ein treng endringsvilje og endringskompetanse.

Næring til psykisk helse gir informantane gjennom tryggleik, støtte i barn sine kjensler, og ein trygg vaksen

Informantar fortel at dei opplever gode relasjoner som der det er omsorg og støtte. Barnet skal bli sett, høyrt og anerkjent. Å lytte til barnet blir trekt fram av to av informantane. To av informantane fortel og at det er dei vaksne som har ansvaret for relasjonen til barnet.

4.4 Reflekterande kultur

Det tredje forskarspørsmålet omhandlar barnehage som ein reflekterande kultur. Informantane fekk spørsmål om korleis dei jobbar med vaksen rolla og haldninga.

Alle seks informantane svarar at dei jobbar med vaksenrolla og holdningar på avdelingsmøter og personalmøter. Alle jobbar med case og praksisforteljingar.

Silje legg til at dei jobbar med teorilesing med drøftingar i etterkant. «Vi må i større grad jobbe meir med konkrete øvingspraksisbiter».

Tone trekk fram kollegarettleiing som ein metode dei brukar.

Alle informantane svarar at dei deler erfaringar og kunnskap på avdelingsmøter og personalmøte.

Kaja seier at dei har refleksjon etter kurs og fagdagar. «Vi har eit stort fagbibliotek og deler historier og faglitteratur».

Kari svarar «står eg fast så søker eg hjelp hjå kollegane mine.

Alle informantane svarar at dei drøftar arbeidsmetodar og mål i fellesskap på kvart personalmøte.

Tidlegare i intervjuet fekk informantane spørsmål om dei har ein felles forståing av omgrepet psykisk helse i personalgruppa. No fekk dei spørsmålet om det er ei felles haldning til kva som er akseptabel åtferd hjå barn og vaksne.

Silje svarar :«Tja, vi har tilsette om skil seg ut, men mesteparten av personalet er samstemte. Ho føyer til «ikkje hører på det dei seier, sjå på det dei gjer». Kari svarar «Tja, både og. Vi er nok alle bevisst på korleis vi skal vere i samspel med barna, men korleis vi handlar kan vere ulikt. Ikkje alltid ein er profesjonell, og nokre gongar kjem ord ut av munnen utan at ein tenker».

Kaja fortel at det jobbar dei alltid med og prøver å få det, «og det gjer vi som oftast». Åse svarar at «vi har veldig open dialog på avdelinga og snakkar om det».

Mia svarar «nei, der blir til sine tider ein del ting blant personalet som blir gjort utifrå privat holdning i stadenfor profesjonell».

Tone seier at i stor grad så oppleve ho ei felles holdning.

4.4.1 Endringskompetanse

Informantane får spørsmålet om tema som blir diskutert i personalgruppa fører til endring.

Tre av informantane svarar «ja, det føler vi».

Tone svarar: «i stor grad så blir det endring». Kari seier at «det meste fører nok til endring, men så er det dette med handlingane våre. Ikkje alltid vi klarar å tenke skikkelig gjennom korleis vi skal handle der og då. Det kan ha med tidspress å gjere, men vi må tåle kaos i barnehagen».

«Det kommer ann på kor konkrete vi klarar å være i kva som må endrast. Det er lett å endre det som angår organisering av materiell og vakter og rutinar. Verre med holdningar og grunnsyn som styrer den praksisen vi møter barn med i litt hektiske situasjonar», svarar Silje.

Til slutt fekk informantane spørsmålet om kva korleis dei kan tenke at det kan jobbast systematisk med psykisk helse i barnehagen.

Åse svarar « Vi går gjennom, kva kan vi gjere for at det skal bli betre, trygge barnet. Snakkar om det vi gjorde, korleis blei det, blei det betre, må vi ha anna tiltak».

Tone svarar at det må vere på agendaen. Barnehagane må finne verktøy som passar dei, og arbeide med det. Å bruke praksisforteljingar/case er eit godt verktøy i refleksjon og vurdering av eigen praksis. «Involvere alle, tilsette, barn og foreldre».

Silje svarar at ein må jobbe mot felles temaforståing og det må vere forankra i fagstoff og nyare forsking, «noko som kan vere vanskeleg når det finnes ein etablert forståing i eigen barndomserfaring». Ho seier vidare at vi må definere i fellesskap ord og omgrep som er sentrale i det vi skal jobbe med, bli einige om kva slags praksis dei skal øve på. «Det betyr at når vi jobbar med psykisk helse, må vi først få ein felles forståing av kva det er vi snakkar om, deretter finne ut om vi meina det same med dei orda vi brukar for å beskrive det, sjå på kva det er vi gjer i dag som fremmer og kva vi gjer som må forbetra og kva vi gjer som vi må slutte med. Så må vi øve, prøve og feile og drøfte i etterkant kva vi har erfart».

Mia svara at «dess meir systematisk og dess oftare ein jobbar med det dess meir blir ungane og personalet bevisst på kva vi jobbar med».

Vi må reflektere ilag om jobben vi gjer, reflektere rundt dei små historiene. Og vi må tørre å gje beskjed til ein kollega dersom vi ser noko» svarar Kari.

4.4.2 Oppsummering

Informantane viser til deling av erfaringar og kunnskap på ulike møter i barnehagen, og at dei søker hjelp hjå kollegaer.

Funn viser at ein av informantane opplever at dei har ei felle haldning til kva som er akseptabel åtferd hjå barn og vaksne i barnehagen. Vidare funn viser at informantane opplever at ein del ting

«blir gjort utifrå privat holdning istadenfor profesjonell». Felles haldning blir og opplevd som «Tja, både og».

Informantane svarar at dei opplever at drøftingar dei gjer kollegaer imellom fører til endring. Ein informant opplever at det meste fører til endring, men ikkje alltid ein klarar å tenkje gjennom korleis dei skal «handle der og då».

Informantane svarar at det går ann å jobbe systematisk med psykisk helse i barnehagen. Dei er opptatt av refleksjon og drøfting, og at dei må få ein felles forståing.

5 Drøfting

I dette kapittelet vil funn bli løfta opp og drøfta i lys av det teoretiske og- forsking baserte grunnlaget for oppgåva.

Dette skal gje svara på problemstillinga:

Korleis jobbar barnehagelærarar for å legge til rette for eit psykisk helsefremmande miljø for dei minste barna i barnehagen? – sett i lys av relasjonar og haldningsarbeid

For å understøtte problemstillinga er det valt tre forskarspørsmål:

1. Kva legg barnehagelærarar i omgrepet psykisk helse?
2. På kva måte blir perspektivet på relasjonar ivaretatt når eit barn byrjar i barnehagen?
3. Har barnehagen ein reflekterande kultur?

Forskingsspørsmåla blir stort sett brukt som hovudoverskrifter. Utdrag frå funn blir stort sett brukt som underoverskrifter.

Det har blitt undersøkt kva barnehagelærarar legg i omgrepet psykisk helse, korleis dei jobbar med relasjonar når ein barn byrjar i barnehagen, og til slutt om dei har ein reflekterande kultur i barnehagen. For å belyse noko av det som blir sagt i intervjuet blir historiene som informantane fortalte trekt fram.

5.1 Barnehagelærarar si oppleveling av omgrepet psykisk helse

Barnehagen er ein viktig arena for barnet å lære om seg sjølv, fungere ilag med andre og utvikle seg. Barna møter ulike vaksne i barnehagen og det er viktig at dei møter vaksne som har kunnskap om barn, kan forstå dei og anerkjenne dei for den dei er. Kva legg informantane i omgrepet psykisk helse? Er det jobba fram ein felles forståing, og har dei jobba med det i forhold til rammeplanen.

Analysen gjekk ut på å prøve å finne ut om kva ord informantane brukte for å beskrive psykisk helse, og om dei brukte nokon av dei same orda. Dei orda som barnehagelærarane brukte mest er belyst vidare i kapittelet.

5.1.1 Psykisk helse handla om å takle stress

Funn viser at to av informantane brukte ordet stress når dei skulle beskrive psykisk helse. Utsegn som «takle stress som møter ein», «takle normalt stress», «robusthet til å komme seg gjennom livet» kom fram gjennom intervjua.

Informantane veit at å takle stress er ein del av psykisk helse, men veit dei og at det er deira oppgåve å hjelpe barnet til å takle stresset i barnehagen? Det blei ikkje spurt om kva barnehagelærarane tenkte om å hjelpe barnet i å takle stress i barnehagen. Historier blir trekt fram for å belyse meir rundt bruken av ordet stress.

Historia om guten som fekk grine ferdig fordi han var lei seg fordi mamma var gått er eit godt bidrag til korleis ein hjelper barn gjennom stresset. Barnet blir anerkjent dei vonde kjenslene. Den vaksne var med han i kjenslene så lenge han trengte det. Ho signalisere ikkje til guten at han måtte slutte å vere lei seg. Informanten brukar relasjonsperspektivet når ho anerkjenner guten sine kjensler.

Studie til Drugli et al. (2018) viser til at barn har eit høgare stressnivå i barnehagen enn heime. Om stress er skadelig på sikt blei ikkje dokumenter under studiet. Det er likevel grunn til å anta at barn si auke i stressnivået heng blant anna saman med barnet sin kapasitet til å takle t.d. fråvær av foreldre.

I historia om eit barn som ikkje ville sleppe foreldra om morgonen fortel informant «då tek eg barnet i armane mine og tilbyr trøyst». Dette er ein situasjon både foreldre og barn kan bli stressa av, og skal vi då berre ta barnet ut av armane til foreldra? Dette er eit interessant spørsmål når det gjeld barn og stress, og kva som blir riktig å gjere i slike situasjoner kan ein ikkje vite sikkert. Burde heller den vaksne venta til foreldre var klar til å gje frå seg barnet? Det beste kunne vere at den vaksen venta til foreldra signaliserte at dei var klar til å gje frå seg barnet. Samstundes må dei signalisere til barnet at «no fer mamma, og (namnet på den vaksne) skal trøyste deg, og så kjem mamma tilbake og hentar deg etterpå».

Det vil være individuelt kor skadelig høgt stressnivå er hjå barn, men det er likevel viktig å vere bevisst på. Vi veit og at hjernen til barnet er i sterkt utvikling dei to første åra (Lyngseth & Mørland, 2017, s. 39). Gode tiltak kan vere med å førebygge utvikling av vanskar.

5.1.2 Psykisk helse handlar om tankar og kjensler

Tre av informantane knytte psykisk helse opp mot tankar og kjensler, og det kjem fram at dei peikar på at det er viktig å ha det greitt med seg sjølv, være glad i seg sjølv, og ha ei god sjølvkjensle.

Barn lever i ein verden av samspele og er avhengig av vaksne for å forstå seg sjølv og verda. Mentaliseringsevna til den vaksne er viktig, og den vaksne må tenkje over korleis åtferda påverkar barnet.

Ein informant beskriv psykisk helse som «tankar og kjensle, knytt til sjølvet og omgjevnadane». Her viser ho at barn si utvikling kan ein forstå som ein gjensidig prosess. Betydinga av samspele er sentral i transaksjonsmodellen, og mykje av barn si stimulering skjer i forbindelse med samspelaktivitetar. Informanten ser ut til å ha kunnskap om korleis barn og miljø gjensidig påverkar kvarandre.

Relasjons aspektet er kome tydlegare fram når det gjeld dei yngste barna, det vil sei små barn sin kapasitet til å oppleve, regulere og utsynge emosjonar, utvikle nære og trygge relasjonar (NOU 2012:5). Ingen av informantane viste til trygge relasjonar når dei skulle definere psykisk helse. Funn viser at fire informantar viste til tankar og kjensle. Funna kan indikera at dei er bevisst relasjons perspektivet når dei omtalar psykisk helse. På den andre side kan det indikere at informantane ikkje ser bindinga mellom psykisk helse og relasjonar. Ser dei ikkje på seg sjølv og si viktige rolle med tanke på relasjonar? Gjennom historiene til informantane synleggjer dei relasjonskompetanse omsett til handling. Informantane fortel historier der dei brukar seg sjølv og viser til barnet at dei er der for dei. Dei fortel om golvet og fanget der dei lar barna nærme seg på sin måte, gir ein tommel opp for å vise støtte til barnet, og gir anerkjennande blikk.

5.1.3 Psykisk helse handlar om å vere ein trygg voksen med opne armer og stort fang

Funn viser at 3 av informantane brukar ordet *fanget* når dei skal beskrive psykisk helse. Totalt blir *fanget* omtalt sju ganger. *Fanget* blir og omtalt to ganger når informantane beskriv kva dei la vekt på når nye barn byrja i barnehagen. Valet blir å drøfte *fanget* under dette kapittelet, fordi det var her det blei omtalt mest. *Fanget* blei mest omtalt når dei beskrev korleis dei gav næring til barn si psykiske helse.

Utsegn som «Vi skal ha eit godt fang», «at små barn har eit fang å sitje på». «Eit trygt fang når barnet treng det» og «stort fang» kom fram gjennom intervjuia.

Kva er så dette fanget dei snakkar om? Når eit-åringar byrjar i barnehagen og blir overlat til ukjente vaksne er det ein stor overgang for dei. Eit-åringar kan ikkje setje tilknyting på vent over lengre tid, dei må ha høve til å utvikle ei sikker hamn og ein trygg base (Brandtzæg et al., 2018, s. 20). Når eit barn sit på fanget kan han oppleve det som ein trygg base. Barnet opplever at den vaksne er til å stole på, og barnet veit at det kan søkje trøst i fanget. Tilknyting og tryggleik er viktig for alle barn i barnehagen, men dess yngre barnet er dess meir avhengig er ein av å bli møtt og forstått av ein voksen som dei kjenner seg knytt til (Brandtzæg et al. 2018). Dette støttast opp av forskinga til Eide et al. (2017) der å sitte på fanget såg ut til å være ein del av barnehagekvarden for små barn. Dei

såg at det å sitte på fanget nokre gongar var initiert av barna, andre gonger av personalet. Vidare såg dei personale som hadde ulik måte å vere på. Nokon virka nærværande og engasjert i gjensidig relasjonar til barnet enn andre. Bratterud et al. (2012) såg døme på personale som hadde tid, men som ikkje såg betydinga av vaksne/barn samspel. Ser ein forsking opp mot fanget kan det å ha eit barn på fanget og bli ei kvilepute for den vaksne. Det må ei bevisstgjering rundt kva fanget kan brukast til, og at det kan brukast til meir enn trøyst og ein plass der barnet sit. Om den vaksne ikkje er god på relasjonskompetanse er det ikkje sikkert fanget blir brukt til å bygge gode relasjonar. Ein kan sjå vaksne sitje med barn på fanget, men som ikkje snakkar med barnet. Når vi veit at barn si psykiske helse blir fremma gjennom samspel med vaksne er det viktig at vi nyttar all tid til relasjonar i barnehagen. *Fanget* gjev ein unik muligkeit til å jobbe med relasjonar og samspel.

«Eg har mang ein gang sete med eit barn på fanget og ete frukost» fortel ein informant. Eit barn er lei seg for mamma går, og informanten tilbyr fanget sitt når dei skal ete frukost. Her kan det vere ein barnehagelærar som føl barn sitt behov, ser barnet og anerkjenna det. Ho prøver ikkje å skubbe barnet ifrå seg, men vel å opne fanget i situasjonen. Sjølv i ein frukostsituasjon der ein kanskje treng å ha hender og armar fri til å gjere mykje, vel ein å la barnet sitje på fanget. Det kunne vært lett å avvist barnet og grunngjeve det med at ein ikkje har kapasitet, men ved å gjere det på denne måten kan barnehagelæraren ha støtta opp om barnet si psykiske helse. Om barnet ikkje hadde blitt møtt, ville barnet trulig følt seg oversett og ikkje bekrefta på kjenslene sine. Eide et al. (2017) viser til måltid som kunne vere prega av «stille eting» kor samtalen var prega av «kva vil du ha på skiva?», men og måltid som var prega av samtalar om kva dei hadde gjort på, humor og latter. Informanten nyttar ordet «mang ein gang». Det er ein indikasjon på at ho har gjort det fleire ganger. Sjølv om ho har gjort det fleire ganger er det ikkje sikkert ho er bevisst på at slike situasjonar kan fremme psykisk heles. Barnet kan sitje på fanget og få nærleik og trøyst, noko som er bra. Kvaliteten på måltidssituasjonar står og faller litt på kor gode personalet er til å ta med seg relasjons perspektivet.

5.2 Rammeplan og psykisk helse

Kunnskapsdepartementet (2017) bringer omgrepet psykisk helse inn i kvardagen til barnehagen. Det betyr at barnehagelærarar må setje psykisk helse på dagsordenen i enda større grad enn dei har gjort tidlegare. Kunnskapsdepartementet (2017) legg føringar for kva barnehagar skal legge vekt på. Under dette punktet blir det drøfta om barnehagelærarane har jobba med rammeplan og om det er ein felles forståing av omgrepet psykisk helse slik det står fram i rammeplanen.

Funn viser at ein av barnehagelærarane kunne vise til at dei hadde jobba med psykisk helse og rammeplanen. Dei andre fem informantane uttalte at dei hadde jobba med rammeplan, men ikkje i tilknyting til psykisk helse. Det er mange argument som tilseier at dei burde ha drøfta dette meir,

men det kan og vere årsakar til at det ikkje er blitt gjort. Kunnskapsdepartementet (2017) er forholdsvis ny, men når informantane seier dei har drøfta rammeplan burde det vært meir fokus på kva som er nytt i forhold til den gamle. Psykisk helse er omtalt under kapitelet om verdigrunnlag i barnehagen og burde vært sett på når dei drøfta det kapittelet. Her er det sprik mellom funna og kva som kunne blitt forventa. Kan det sjåast som om det er mangel på kunnskap eller at leiinga ikkje har tatt fatt i det? Det kan vere at personalet ikkje heilt har fått taket på omgrepene psykisk helse enda, dei tenker kanskje meir på psykiske vanskar eller diagnose og ikkje på at barnehagen kan være ein psykisk helsefremmande arena.

5.2.1 Felles forståing for omgrepene psykisk helse

Funn viser at ein av seks informantar hadde drøfta omgrepene psykisk helse og systematisert det til ei felles forståing. Same informant hadde arbeidet med psykisk helse nedfelt i årsplanen. Dette kan indikere at dei andre barnehagane ikkje har jobba systematisk med kva det inneber å jobbe med psykisk helse i barnehagen.

Kunnskapsdepartementet(2017) viser til at planlegginga som barnehagane gjer skal synleggjere korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda.

Planar som barnehage legg skal ha sitt grunnlag i rammeplanen og det er difor viktig at alle moment i rammeplan blir drøfta i personalgruppa.

Læring er ein prosess der menneska og organisasjonar tileigner seg ny kunnskap og endrar si åtferd på grunnlag av denne kunnskapen (Jacobsen og Thorsvik, 2009, s. 319). Barnehagepersonale må reflektere og evaluere eigen praksis og skape ein felles forståing. Barnehagar som ikkje endrar åtferd på bakgrunn av ny kunnskap blir ikkje opplevd som ein lærande organisasjon. Ein lærande organisasjon er ein barnehage som reflektera og evaluera eigen praksis for deretter skape ein felles forståing.

5.2.2 Kunnskap og kompetanse

Funn viser at tre informantane opplever at dei har kunnskap og kompetanse, men at dei og søker meir kompetanse gjennom litteratur, kurs og vidareutdanning. Informant seier ho ønske ny kunnskap «sånn at ein er styrka til å kunne sjå og fremme psykisk helse i barnehagen og ta med seg dei andre vaksne i barnehagen, veilede». Gjennom å fordjupe seg i eit tema håpar informanten å styrke både sin eigen og andre sin kunnskap. Ifølge Fimreite & Fossøy (2018) tek kursdeltakarar lite konkret med seg tilbake til personalet. Det er vanskeleg å sei kor mykje kunnskap ein tek med seg tilbake til personalgruppa når ein har vært på kurs. Ein får meir kunnskap sjølv. Her ligg det eit leiaransvar.

Leiar må etterspørje og bruke personale sin kunnskap som dei får gjennom vidareutdanning eller kurs.

Studiet til Drugli & Berg-Nielsen (2019) indikera at samspelet mellom små barn og tilsette ikkje nødvendigvis er godt nok slik det er i dag, og at det bør inn meir kunnskap om korleis samspelkvalitet kan forbetraast. Gjennom å søkje ny kunnskap, slik informanten gjer, så kan ho likevel vere med å bidra til at kunnskapen blir betre.

5.3 Når eit barn byrjar i barnehagen

Mange barn byrjar i barnehagen rundt eit års alderen, og det er vanskeleg å førebu dei på kva som ventar dei. Barnehagar kan gjere mykje for å sikre at barna får ein god og trygg start. I dette kapittelet blir informantane sine utsegn om kva det inneber for små barn å ha det bra drøfta. Deretter blir det drøfta kva rutine barnehagar har for å sikre ein trygg start og til slutt kva informantane legg i gode relasjonar.

5.3.1 Tryggleik og forståing

Funn viser at fire av informantane brukar ordet trygg når dei skal beskrive kva det inneber at små barn har det bra. Brandtzæg et. al (2018) legg vekt på at tryggleik er viktig for alle barn i barnehagen, og dess yngre barna er dess viktigare er det å bli møtt og forstått av ein voksen. Tre av informantane brukar ordet forståing i tilknyting til tryggleik når dei omtalar temaet. Utsegn som «at barn får forståing frå den vaksne», «vi viser forståing for barn sine behov og førelsar» og «at barn har vaksne som ser og anerkjenner barna og deira behov. Informantane beskriv tryggleik som ein forståing av barnet. Informantane viser kunnskap om kva det vil sei at små barn har det bra. Drugli & Berg-Nielsen (2019) viser til at barn treng vaksne som ser kva dei er opptatt av og støttar opp under læring, utforsking og mestring. Her er det samsvar mellom funn og forsking.

5.3.2 Primærkontakt

Funn viser at fem av seks informantar opprettar primærkontakt når eit barn byrjar i barnehagen. Brandtzæg et. al (2018, s. 100) uttalar at nærliken til vaksne er heilt avgjerande for barn si psykologiske utvikling. Gjennom nære relasjonar til omsorgspersonen vil barnet utvikle seg psykologisk og få ei oppleving av seg sjølv som individ. Drugli & Undheim (2012) sin studie viser til at primærkontakt er til stor hjelp for små barn den første tida i barnehagen. Det blei rapportert om vanskar under tilvenningsperioden i ni av dei 13 barnehagane som ikkje hadde primærkontakt. I barnehagar med primærkontakt var andelen barn med startvanskar under halvparten. Studie tyder på at primærkontakten gjer til at tilvenninga blir lettare for barnet. Eide et al. (2017) viser til at småbarn kunne vere overalt, men at det var tydeleg at dei fleste oppheld seg i nærliken av vaksne som dei kjente.

Funn frå dette studiet viser at det ein forståing for at primærkontakt er viktig for små barn når dei byrjar i barnehagen. Informant fortel at om barnet får betre kontakt med ein anna vaksen lar dei barnet få velje sin vaksne. «Mat, legging og stell lar vi barnet få styre kven de er tryggast på skal gjere det. Det er ofte primærkontakten, men ikkje alltid». Her synleggjer ein både relasjons perspektivet, og ei forståing for at primærkontakt er viktig for små barn. På same tid kunne den vaksne vært nysgjerrig på kva som gjer at barnet trekker til den andre vaksne. Fimreite & Fossøy (2018) trekker fram at barnehagar er iferd med å arbeide meir i lys av prissippa som kjenneteiknar dobbeltkretslæring. Dobbeltkretslæring handlar om å vere nysgjerrig på kva andre gjer i arbeidet sitt. Gjennom nysgjerrighet over andre sin væremåte kunne informanten fått større innsikt i eigen relasjonskompetanse, og dermed skapt dobbeltkretslæring. Alle informantane snakka om at dei delte erfaringar og kunnskap på ulike møter. Kanskje kunne dette vært eit tema som kunne vært reflektert rundt på møte. Kva er det i væremåten til den vaksne som gjer at barnet knytte seg lettare til den enn andre vaksne? Tar ein med seg dette spørsmålet inn i møta kan ein skape nye mentale modellar, jmf. Senge sine fem disiplinar (Roald, 2010).

Ein informant fortel at det er utarbeida fasta, nedskrivne rutine for tilvenningsperioden. Eit innblikk i dei nedskrivne rutinane viser at det stod ingenting om relasjonar. Rutinane inneheldt stort sett praktiske påminningar. Rutinar for tilvenning bør legge til grunn at barn har behov for gode relasjonar og tryggleik. Det skal ikkje påståast at det ikkje er tatt omsyn til barnet når det er utarbeida rutinar. Rutinane bør likevel ha større fokus å tilpasse rutinane til barnet og ikkje omvendt. Dette synleggjer Senge sitt poeng med mentale modellar. Gjennom å jobbe med rutinane jobbar ein og med dei mentale modellane. Gjennom refleksjon jobbar ein med tankebildet. Tankebildet som påverkar korleis vi handlar.

Bakken & Flaten (2018) viser til at det i hovudsak blir vist til praktiske oppgåver i forhold til primærkontakt for barna. Det blir ikkje vist til at primærkontakta hadde ansvaret for gode og nære relasjonar med barna.

Å opprette ein primærkontakt er viktig. Dersom oppgåvene til barnet sin primærkontakt er nedfelt i å gjelde praktise gjeremål, kven har då ansvaret for å bygge relasjonar? Informantane viser at dei har fokus på tryggleik og forståing. Fokuset på kva oppgåver primærkontakten skal ha må drøftast meir i personalgruppa. Primærkontakten kan ikkje gå rundt og utføre praktiske gjeremål når han skal vere på golvet ilag med barnet. Eide et al. (2017) er forsiktig i konklusjonane sine, men indikera at struktur og fysiske rammer kan være til hinder for dei gode møta mellom vaksne og barn.

Ein informant sitt utspel: «vi må vere bevisst vår rolle og skape gode relasjonar til både barn og foreldre». Her set informantens ord på kva vi må vere bevisst på i ein tilvenningsperiode. I ein

tilvenningsperiode er det mykje logistikk som skal på plass. Fleire barn byrjar gjerne samtidig og ein skal legge til rette for mange barn samstundes. På bakgrunn av at ein veit kor viktig relasjonar er for små barn må ein ha fokus på dette i tilvenningsperioden. Personalelet kan bli meir bevisst si rolle som primærkontakt dersom betydinga av relasjonar hadde vært nedfelt i barnehagen sine rutinar for tilvenning. No fram står rutinane meir som organisert tryggleik og blir ikkje sett utifrå relasjons perspektivet. Det er viktig at barnehagen har nedskrivne rutinar for kva og korleis personalelet skal jobbe i forhold til relasjonar. Leiari må lede dialogen med personalelet. Målet må vere det Senge omtalar som felles visjon. Ein felles visjon for tilvenning i barnehagen. Når eit nytt barn byrjar i barnehagen må alle vite kva dei skal gjere. En felles visjon som ligg i botnen for handlingane våre. Plan for tilvenning bør foreldre ha innsyn i slik at dei får ei forståing for kva barnehagen legg vekt på under tilvenning.

5.3.3 Vandrarane

Funn viser at ein informant seier at ein må vere «bevisst på dei som byrjar å vandre». Ei anna informant seier at «det er ein risiko for at dei ikkje kjem inn i leiken». Desse to utsegna kan sjåast i samanheng.

Eide et al. (2017) og Bratterud et al. (2012) fant døme på vandrarane som informanten omtalar. Dei opplevde barn som hadde relativt begrensa kontakt med andre barn og vaksne i barnehagen, og dei antyda at vandrarane kunne være utsyn for at dei kjeda seg og lite engasjement.

Det er viktig å ha fokus på vandrarane, men ein må også stille spørsmålet om kva det er med vandrarane? Kvifor blir dei gåande å vandre og kva gjer ein med dei? Informantar, Eide et al. (2017) og Bratterud et al. (2012) ser vandrarane, men det er viktig at fokuset blir lagt på å hjelpe vandrarane. Kan vandrarane vere eit varsko på at dei ikkje har bygd opp ein trygg relasjon? Vi må snakke om desse barna, reflektere rundt om vi har gjort nok for at dei ikkje skal bli vandrare. Relasjonsperspektivet må vi ta med oss inn i refleksjonen. Vandrarar kan kjenne på vanskelege kjensle, og vi må setje ord på det barnet kjenner på. Forståinga av å tone seg inn på barnet blir viktig. Eide et al. (2017) viste til at dei opplevde mindre vandrare i små grupper, men at dei var der og. Informanten som omtalte vandrarane var opptatt av å dele i mindre grupper. Vandrarane er der uansett og dei må reflekterast rundt og ikkje tru at ein har løyst utfrodringa berre ved å lage mindre grupper. Det blir viktig å gjere kvardagen i det nye miljøet forståelig for små barn. Sei ifrå at ein går ut, då slepp barn å lure på kor du vart av. Når personalelet gjer det er dei logga på og relasjonane er gode. Du anerkjenner barnet og har dei i tankane heile tida. Personalelet metallisera då korleis barnet kan ha det dersom den vaksne blir borte utan å gje beskjed. Barnehagelærarar må bruke relasjonskompetansen sin og sjå barnet sitt behov og tone seg inn på barnet. Drugli & Berg-Nilsen

(2019) indikera i sitt studie at samspel mellom små barn og personale ikkje nødvendigvis er godt nok slik det er i dag, og at det bør skaffast til veie meir kunnskap om korleis samspelkvaliteten kan forbetra.

5.3.4 Foreldresamarbeid

Det er foreldra som er barnet sin primære tilknytingsperson og kjenner barnet best. Det er viktig med eit godt samarbeid når barna byrjar i barnehagen. I dette kapittelet blir det gjort greie for funn som er knytt opp mot foreldresamarbeid.

Funn viser at i fem av seks barnehagar ikkje har hatt psykisk helse som eit tema på foreldremøte.

Ein informant kunne vise til at arbeidet med psykisk helse var nedfelt i årsplanen til barnehagen.

Funna indikera at barnehagane ikkje har synleggjort ut til foreldra korleis dei jobbar med å fremme psykisk helse i barnehagen. Ansvaret ligg hjå leiar og det bør jobbast med å tydeleggjere korleis ein fremmar psykisk helse hjå barn.

5.3.5 Oppstartsamtale

Ein informant viser til oppstartsamtale med foreldra når barn byrjar i barnehagen. Ei samtale der ein «snakkar om livet til barnet frå før det er født til dei byrjar i barnehagen. Har barnet hatt det vanskelig, traume, problem i familien...» Ho uttaler at denne samtales gir «nyttig informasjon om ungen som er god å ha». I tilvenningsperioden er vi avhengig av informasjon fra foreldra, men kva brukar vi denne informasjonen til og kvifor er den nyttig for oss? Informasjonen er nyttig for å forstå barnet og vi kan bruke informasjonen til å trygge barnet. Ved å bygge på den informasjonen vi får kan vi skape gode relasjoner til barnet, men då må vi vere bevisst at informasjonen skal brukast til det gjeremålet. Informasjon som kjem fram i samtales kan brukast til å legge til rette leikemiljøet etter kva barnet interesserar seg for, og vi kan sjå og forstå barnet betre.

5.3.6 Tid

Når vi snakkar om kva som er viktig når eit barn byrjar i barnehagar trekk fire av informantane fram omgrepene tid.

«Tid, tid, tid til innkøyring», «ein har tid, brukar golvet, og er der ungane er», «legge til rette for god tid når ein skal skifte bleie», «lar engstelege barn få bruke tid til observering» er utsegn frå intervjuja.

Det tar tid å bygge opp relasjoner med kvart enkelt barn. Vaksne må vere der barnet er her og no, og får å få tid til gode relasjoner treng vi tid. Tid til å sjå kvart enkelt barn.

Sitata viser at informantane er opptatt av tida, og i tillegg opptatt av kva dei brukar tida til. «Bruke golvet, god tid til bleieskift, og engstelege barn får bruke tid» er sitat som indikera at tida har eit

innhald. Dette innhaldet må igjen fullast med relasjonsbygging. Bakken & Flaten (2018) viser til at fokus på positivt samspele kan bli gløymt i rutinesituasjonar. Eide et al. (2017) viser og til at utfordrande logistikk som pregar kvardagslivet er til hinder for dei gode møte mellom personale og barn. Bevisstgjering på kva ein brukar tida til blir viktig. Det er eit godt signal at barnehagelærarane er opptatt av å bruke tid ilag med barna og vere der barna er.

Bratterud et al. (2012) såg fleire vaksne som hadde tid og høve til å jobbe med relasjonar, men som ikkje gjorde det. Barnehagen er ein arena der det skjer mykje og det er viktig å drøfte kva tida skal brukast til. Rutinane må fyllast med relasjonsbygging. Tid i rutinane bør ha eit relasjons perspektiv. Fokus på relasjonar i rutinesituasjonar bør vere lik uavhengig av kven som er på jobb. Då blir det fortutsigbart for barnet som igjen kan skape tryggleik.

5.4 Vaksne - barn relasjonar

Med teori og forsking om relasjonar som utgangspunkt, blir det no drøfta personalet si oppleving av gode relasjonar.

5.4.1. God relasjon der barnet blir sett, høyrt og anerkjent

Ein informant fortel at gode relasjonar er at barnet er trygge og at den vaksne har ein god måte å snakke med barnet på. Ho utdjupar «lytte til de, du må setje deg ned på golvet når ungane vil det. At du respondere på det ungane vil du skal gjere». Informanten viser her ein god beskriving av kva relasjonar handlar om. Ho synleggjer at dersom du er på logga og har ein god relasjon, så respondera du på barnet sine behov. Dette støttast av Drugli & Berg-Nilsen (2019) sin studie der dei uttrykke at samspelskvalitet er avgjerande for om barn er trygge og om dei får knytte seg til personalet. Barna treng sensitivitet frå dei vaksne, samstundes er dei nysgjerrige og utforskande. Barna treng vaksne som ser kva dei er opptatt av og støttar oppunder. Folkehelseinstituttet (2014) poengterte at den tydelegaste kvalitetsindikator på om barn fungera i barnehagen, er gode og sensitive relasjonar mellom den vaksne og barnet. Gjennom sitt bidrag har informanten eit relasjons perspektiv på forholdet mellom ho og barnet.

5.4.2 Gode relasjonar er den vaksne sitt ansvar

Funn viser at ein informant er opptatt av at det er den vaksne som har ansvaret for relasjonen, og ein anna informant er opptatt av at «det er barnet som definera om relasjonen er god eller ikkje». Her viser to av informantane gode beskrivingar på kva dei legg i ein relasjon, og har ansvarleg gjort den vaksne. I barnehagen ligg ansvaret for å utvikle positive relasjonar fult og heilt hjå dei vaksne som jobbar der (Brandtzæg et. al, 2018). Dette støttast opp av Bae (2007) som seier at det må vere vaksne i barnehagen som tek ansvar for å møte barnet og skape gode relasjonar. Vaksne i barnehagen har

mykje makt, og barna kan knytte seg til vaksne uavhengig av den vaksne sin relasjonskvalitet. Informantane er bevist si handling og dei veit at dei har ansvaret for kvaliteten på relasjonen. Dei utøver relasjonskompetanse ved at dei veit kva barnet treng i den aktuelle situasjonen. Gjennom slike handlingar kan den vaksne opparbeide seg tillit hjå barnet og fortsette å bygge relasjon. Dette samsvarar med betydinga av transaksjonsmodellen. Informantane forstår utviklinga til barnet som eit resultat av korleis barn og miljø påverkar kvarandre. Barnehagelærarar ser seg sjølv i samspelet og korleis det påverkar barnet.

«Barn er ikkje vanskelege, men kan ha det vanskeleg» seier ein informant. Dette kan vere ein indikator på at den vaksne tek ansvar for relasjonen. Informanten viser relasjonskompetanse ved å sjå og lytte til barnet. Den vaksne gir barna gode responsar, og barnet erfara at den vaksne vil ein vel.

5.4.3 Relasjonskompetanse

Tidlegare har historiene som informantane fortalte om korleis dei fremmar psykisk helse vært omtalt. Går ein igjennom desse historiene igjen så viser funn at informantane beskriv relasjonskompetansen sin gjennom historiene. Utspel som «det å kunne vere der som vaksen», «engstelege barn får bruke tid til observering», «lar barnet få nærme seg meg», vaksen som bekreftar barnet når det grin og lar det få grine ferdig. Dette støttast av Bakken & Flaten (2018) og Eide et al. (2017) som indikerar at kvaliteten på vaksne-barn relasjon er god. Degotardi (2010) indikera og at kvaliteten er god, men at fokus på positivt samspel kan bli gløymt i rutinesituasjonar.

Funn i historiene tilseier at barnehagelærarar har ein del relasjonskompetanse. Gjennom intervju og historier fortel dei handlingar som speglar relasjonskompetanse. Dei må vere bevisst å bruke denne relasjonskompetanse når eit barn byrjar i barnehagen og ikkje vere mest opptatt av praktiske gjaremål. Barna treng den vaksne sin kompetanse for å takle overgangen frå heim til barnehage. Barna må få etablere tryggleik. Dei må oppleve at barnehagen er ein trygg arena. Tryggleik blir etablert gjennom gode relasjonar. Dette støttast opp av forsking (Hamre & Pianta, 2001; Helland et al. 2019) som viser til at gode relasjonar kan ha ein førebyggande effekt på seinare skuleprestasjonar.

5.5 Barnehagen som reflekterande kultur

Kunnskapsdepartementet (2017) legg vekt på at vurderingsarbeidet skal bygge på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Felles refleksjonar over det pedagogiske arbeidet kan gi personalet eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring. Det kan òg bidra til ein open diskusjon om formålet med, innhaldet i og oppgåvene til barnehagen.

5.5.1 Vaksenrolla og haldningar

Å bygge ein reflekterande kultur rundt vaksenrolla kan vere utfordrande. Ideelt sett skal det bestemte tankemønsteret brytast (Linder, 2019, s. 40).

Funn viser at alle informantane jobba med vaksenrolla og haldninga på ulike møter i barnehagen. I møta delar dei erfaringar og kunnskap.

Forteljingar frå praksisfeltet, praksisforteljingar, er eit kjent omgrep i barnehagar. Desse forteljingane kan brukast til å reflektere over praksis, og alle informantane trekk fram praksisforteljingar som døme på kva metode dei brukar i arbeidet sitt. Men kva skjer med forteljingane når dei har blitt drøfta i møta? Blir dei i møta, eller blir dei tatt med vidare i kvardagen med barna. Refleksjon rundt praksisforteljingane må ut igjen i handlingane våre, og ikkje stå igjen i møta. Barnehagar må skape dobbeltkretslæring (Roald, 2008, s 31). Dobbeltkretslæring er det diffuse område i organisasjonen, og handlar om å sjå nye handlingsmåtar. Praksisforteljingar er ikkje dobbeltkretslæring viss ikkje refleksjon fører til at handlingane blir endra eller oppretthalde.

Historiene som informantane fortalte er praksisforteljingar frå kvardagen. Funn viser at to av seks informantar ikkje kom på historier der dei opplevde at dei fremma psykisk helse. Gjennom tilleggsspørsmål, om dei kunne fortelje historier der dei lytta, støtta og utfordra barnet viser funn at fire av seks informantar ikkje kunne komme på nokre historier. Det var ei forventning om at alle informantane hadde ei forteljing å fortelje sidan praksisforteljingar er eit metode dei brukar. Her står ikkje funna til forventningane. Årsaksforklaringane kan vere mange. Det kan vere at dei hadde kome på ei historie dersom dei hadde fått tenkt seg litt lenger om, og spørsmålet kunne vært stilt igjen seinare i intervjuet. Ei anna årsak kan være at dei er usikker på kva psykisk helse er. Tenker dei meir på psykisk helse som vanskar eller lidningar? Funna kan vere ein indikasjon på at det ikkje er god nok reflekterande kultur i barnehagane. Det kan vere at dei informantane som ikkje kom på historier ikkje har jobba fram ein felles forståing for omgrepet. Dersom barnehagane skal opplevast som ein reflekterande kultur bør omgrep drøftast. Omgrep må utfordrast og sjåast i samanheng med samfunnsmandatet vårt. For å forstå betydninga av relasjonskompetanse i arbeidet med psykisk helse må det reflekterast rundt kvifor det heng saman og korleis det påverkar oss, først då blir det reflekterande kultur. Reflekterande kultur må setjast på dagsorden. Det er kanskje ikkje enkelt å forstå kva som ligg i det omgrepet. Barnehagelærarar og leiinga må snakke om det. Kva betyr det og korleis kan vi få det til hjå oss. Det må vere forpliktande og forventningane frå leiinga må vere klar. Leiars ansvaret ligg i å etterspørje praksisforteljingane. Kva erfaringar har personale gjort seg sida sist.

Det ligg meir i personlig dugleik, ein av Senge sine disiplinar, enn at den vaksne har kunnskap og kan utøve den i handling. Det må ligge ei utvikling av personleg dugleik. Ein prosess der ein klarlegg og jobbar målretta mot resultat. Personale må vidareutvikle sine evner og kunnskapar.

5.5.2 Endringskompetanse

Funn viser at fem av seks informantar opplever at tema som har blitt drøfta i personalgruppa fører til endring. Likevel opplever fire av seks informantar ikkje ein felles haldning til kva som er akseptabel åtferd hjå barn og vaksne. Her samsvarar ikkje funna med kvarandre. På den eine sida opplever dei at refleksjonar rundt tema fører til endring, men på den andre sida er dei tvilande til at dei har ei felles haldning. Dei seier dei diskutera vaksenrolla og haldningsarbeid, men er haldningsarbeid drøfta opp mot relasjonar til barn?

Det er prøvd å gå fram og tilbake i transkribert materiale på leit etter forklaringar. Det er funne fire sitat, frå tre ulike informantar, som kan gje ei forklare på kvifor funna ikkje samsvarar med kvarandre.

«Eg opplever at alle trur vi meina det same, men ser når det kjem til praksis at grunnlaget er forskjellig».

«Når det finnes ein etablert forståing i eigen barndomserfaring».

«Nei, der blir til sine tider ein del ting blant personalet som blir gjort utifrå privat haldning istadenfor profesjonell».

«Ikkje høyr på det dei seier, sjå på det dei gjer»

Desse utsegna kan tyde på at det er dei vaksne sine indre arbeidsmodellar som snakkar. Drugli (2018, s. 50) hevdar at vaksne sine indre arbeidsmodellar har sin base i eigne barndomserfaringar. Dette er i tråd med det ein informantar hevdar at der er ei etablert forståing i eigen barndomserfaring.

Folkehelseinstituttet (2014) finn ein samanheng mellom barn si fungering og relasjonen mellom vaksne og barn i barnehagen. Relasjonen mellom vaksne og barn forklarar 41% av variasjonen i barn si tilpassing (Folkehelseinstituttet, 2014, s. 24). Drugli & Berg-Nilsen (2019) og Bratterud et al. (2012) fann middels god støtte når det gjeld emosjonelle og åtferds messig utvikling. Bratterud et al. (2012) sakna fleire aktive og kompetente vaksne, og Drugli & Berg-Nilsen (2019) indikera at samspelskvaliteten ikkje er god nok slik den er i dag. Sitata til informantane kan tyde på at Drugli & Berg-Nilsen (2019) sine indikasjonar er rette. Utifrå dette studiet, og i forhold til sitata frå intervjuia, kan med fordel samspelskvaliteten bli betre. Ein kompetent voksen i barnehagen skal ikkje dra inn private haldingar i relasjonen til barnet. Det skal ikkje vere avgjerande for eit barn kva vaksne ein

møter i barnehagen. Drugli & Berg-Nilsen (2019) konkludera med at personale i barnehagane bør reflektere saman over samspelkvaliteten på eiga avdeling.

Funn i dette studiet indikerer at det er lite reflekterande kultur i barnehagen, og kan med fordel slik Drugli og Berg-Nilsen (2019) hevdar, reflektere over samspelet mellom vaksne og barn. Det kan virke som at haldningsarbeidet ikkje er drøfta opp mot viktigheten av gode relasjonar. Bae (2007) hevdar at å møte barn som subjekt er vitalt for å legge grunnlaget for konstruktive relasjonar i barnehage. Kan det vere den vaksne sitt syn på barn som gjer relasjonen vanskeleg? Relasjonsbygging, i denne samanheng, handlar om vaksne i samspel med barna. Relasjonen må vere ekte og den vaksne må opparbeide seg tillit. Tidlegare funn viser at personalet gjennom sine svar og historiar har ein del relasjonskompetanse. Dersom dei drar private haldningar inn i relasjonen kan det gjere relasjonen vanskeleg.

Vi er og skal vere ulike, men det blir stilt spørsmålet på om vi bør ha så mange ulike relasjonelle måtar å jobbe på for å fremme psykisk helse hjå dei minste barna i barnehagen. Wichstrøm et al. (2011) sine resultat viser at planlegging av miljø for små barn er avgjerande for å kunne avdekke vanskår hjå barnet, og viss vanskane ikkje blir avdekkja kan dei forverrast. Studie til Wickstrøm et al. (2011) understrekar at dei vanlegaste vanskane kan diagnostiserast i barnehagen, og viser til at 7-8% har ulike typar psykiske problem. Det i seg sjølv burde vært nok til at barnehagelærarar burde ha ei større fokus på å skape ein felles forståing i personalgruppa. Med felles relasjonsforståing meinast det ikkje at alle skal vere like i handlingane sine, men dei skal ha ein likskap og forståing for korleis måten dei handlar på påverkar barnet og omgjevnadane. Dette støttast av Drugli & Berg-Nilsen (2019) si forsking som seier at det er eit potensiale for å utvikle samspelskvaliteten mellom vaksne og barn. Barnehagelærar som tek med eigen private erfaringar inn i relasjonen vil gjere det vanskeleg å skape eit psykisk helsefremmande miljø. Leiinga må ta ansvar for ein felles visjon og team-læring, jf. Senge sine disiplinar. Ei tydleg leiing må ha ambisjonar og tote å utfordre personalet. Felles visjon handlar om å ansvarleg gjere personalet, og må ligge i botnen for kollektive haldningar. Personale må ha ein endringsvilje og utfordre eksisterande mentale modellar mellom seg sjølv og andre. Læring ilag, team-læring, handlar om å til ordne oss til eit fellesskap. Kunnskap og erfaringar må stemme med det som blir forventa av oss.

5.5.3 Systemisk jobbing med psykisk helse

Funn viser at alle seks informantane opplever at det går ann å jobbe systematisk med psykisk helse i barnehagen. Funn i fire av informantane sine innspel viser at «refleksjon over eigen praksis» er eit verktøy dei trekker fram. «Snakkar om kva vi gjorde, korleis blei det, blei det betre, må vi ha anna tiltak», «refleksjon og vurdering av eigen praksis», «sjå på det vi gjer i dag, kva som må forbetraast og

kva vi å slutte med». Alle desse utsegna handlar om refleksjon over eigen praksis. Slik informantane beskriv det går det ann å jobbe systematisk med psykisk helse i barnehagen, dei er opptatt av refleksjon og at dei må ha ein felles forståing. Men blir det jobba systematisk med dette arbeidet? Tidlegare funn viser at informantar ikkje har jobba med omgrepet psykisk helse slik det står fram i rammeplan (2017). Berre ein informant fortel at det er jobba fram ein felles forståing for psykisk helse. Her bør leiinga ta ansvar. Alle orda informantane brukte til å beskrive psykisk helse og relasjonar med må inn i refleksjonsarbeidet i barnehagen. Orda må brytast ned og defineraast i fellesskap. Vi må stille spørsmålet, korleis ynskjer vi at vår barnehage skal vere i framtida, og kva må vi gjere for å komme dit?.

Skogen et al. (2018) viser til at det er viktig at barnehagane jobbar systematisk for å fremme psykisk helse og skape gode psykisk helsefremmende miljø. Sollied et al. (2017) viser at systematisk jobbing kan gje betre forståing og bevisstheit rundt vaksen rolla. Dei viser til at personale har fått auka bevissthet om barna sine signal og behov ved å jobbe systematisk. Barnehagane bør ta grep og finne metodar som gjev auka bevisstheit rundt haldningar og refleksjonsarbeid. Det finst fleire ulike metodar barnehagane kan bruke, men set ein det opp mot relasjonar kan det sjå ut som systemisk rettleiing kan vere ein god metode. Systematisk bruk av praksisforteljingar slik at dei ikkje blir verande i møta. Refleksjon rundt forteljingane må ut igjen i handling. Gjennom rettleiing får ein dobbeltkretslæring framfor enkeltkretslæring. Refleksjon får føre seg i dobbeltkretslæringa og ein kan sjå nye handlingmåtar i det ein arbeidar med (Roald, 2008, s. 31).

5.5.4 Vurdering av eigen praksis

Tidlegare funn viser at tre av informantane viser til at rettleiing kan brukast som metode. «Kollegarettleiing» blir brukt som metode når ein drøfta vaksenrolla. Informant tek vidareutdanning og ynskje å «ta med seg dei andre i barnehagen, rettleie». Den siste informanten seier «dei er flinke til å rettleie kvarandre».

Rettleiing gjev rom for fagleg kunnskapsdeling, og kan nyttast som verktøy for refleksjon over handlingar (Fimreite & Fossøy, 2018). Personale som tek vidareutdanning kan nytte kunnskapen som ho tileigner seg inn i kollegarettleiing, men det er viktig at ho er bevisst korleis ho brukar kunnskapen sin inn i rettleiing. Rettleiing er og avhengig av at rettleiar har rettleiarkompetanse og barnehagefagleg kompetanse (Barsøe, 2014). Sjølv om ein tek vidareutdanning kan ein ikkje berre gå inn og rettleie andre, då kan ein tolke det meir som undervisning. Informanten kan bruke den nye kunnskapen til å rettleie andre, men ein bør først ta runde på korleis rettleiing som metode kan brukast. Kva er hensikta med kollegarettleiing og kvifor skal vi bruke den i vår personalgruppe er

viktige spørsmål å stille seg i forkant. Det er også viktig at informanten reflektera over eigen praksis etter at ho har tileigna seg ny kunnskap.

Fimreite og Fossøy (2018) sitt forskingsarbeid viser til rettleiing kan identifiserast som ein læreprosess for å utvikle barnehagelærarar sin profesjonalitet. Forskinga deira viser at kollegaer er blitt tryggare på kvarandre og dei har lettare for å dele erfaringar.

Barnehagane må finne gode metodar for å jobbe med voksenrolla og haldninga. Forsking (Fimreite og Fossøy, 2018; Høium et al., 2011) og funn frå dette studiet kan indikere at rettleiing er ein god metode for refleksjon over eigen praksis. Ei viktig oppgåve blir å knytte fagkunnskap til dei kvardagslege augeblikka i barnehagen. Teori og forsking om betydinga av voksen-barn relasjonen er eit døme på å kombinere teori til kvardagslivet. Barsøe (2019) viser til at rettleiing er eit godt hjelpemiddel når ein skal lære av erfaringane sine og utvikle både sine handlingar og haldninga vidare. Gjennom rettleiing blir dei mentale modellane utfordra. Relasjonskompetanse er ein væremåte, ikkje ein metode, og for å reflektere over væremåten kan rettleiing vere eit godt hjelpemiddel. Historiene som informanten fortalte om er praksisforteljingar frå kvardagslivet i barnehagen. Dei er ein del av den pedagogiske kvardagen og det ligg mykje kunnskap og kompetanse i desse augeblinka som kan skape refleksjon ilag med kollegaer. Ein bør bruke desse historiene inn i rettleiing og reflektere rundt eigen væremåte. Gjennom ein metode som rettleiing kan ein i enda større grad få fram kunnskapen og kompetansen om kva som fremmer psykisk helse. Informant uttalar «dess meir systematisk og dess oftere ein jobbar med det dess meir blir ungane og personalet bevisst på kva vi jobbar med». Her viser informanten ei bevisstgjering av kva som kan bli resultatet av systemisk jobbing.

Systemisk rettleiing kan brukast som ein metode, men for å jobbe systemisk må rettleiinga følgast opp. Det må forankrast i personalgruppa slik at refleksjonane blir følgt opp, eller kan vi ikkje kalle det systemisk jobbing. Systemisk jobbing varetar heilskapen i Senge sine fem disiplinar for lærande organisasjon. Det er systemisk tenking som integrera alle disiplinane. Systemisk jobbing gjer det lettare å sjå korleis disiplinane heng saman og korleis kvar enkelt disiplin påverkar heilskapen.

Vi må etterspør, elles vil det kanskje ikkje skje noko utvikling. «Vi må tørre å gje beskjed til ein kollege» er eit utsegn frå ein informant og trur gjerne ho er inne på noko her. Barnehagepersonale må tørre å pirke i kvarandre, og kanskje vegen å gå er å innføre *pirkekultur* i barnehagane? Pirke borti ein kollega og minne på kva som blei snakka om under rettleiing, både ros og konstruktiv kritikk. Brandtzæg et al. (2013) viser til pirking må vere ein del av ein reflekterande kultur, pirke litt borti kvarandre sin måte å vere på. Pirking skal opplevast som kollegial støtte, ikkje kritikk.

5.6 Nasjonale føringer

Kunnskapsdepartementet (2017), Meld.St nr. 24, 19 og 6, og Regjeringa sin strategiplan (2017-2022) viser ei retning for eksisterande og kommande barnehagepolitikk. I strategiplanen kjem barnehagen inn som ein del av barnet sin heilskaplege livssituasjon som kan vere med å fremme god psykisk helse. Stortingsmeldingane har ikkje næmt psykisk helse som eige tema. Rammeplanen har psykisk helse som eige omgrep. Gjennom dei ulike styringsdokumenta har politikarane eit ynskje om kva veg vi skal gå når det gjeld å fremme psykisk helse og hindre vanskar. Finst det ein samanheng mellom føringer og praksis i barnehagen? Både ja og nei. Det avgjerande, slik det blir sett opp mot denne studien, er personalet si oppfatning av eiga rolle. Forventningar til barnehagen som arena for å fremme psykisk helse er nedfelt. Det kunne med fordel vore vektlagt meir kva som skal til for å skape psykisk helsefremmende miljø i barnehagane. Leiinga har eit ansvar å jobbe med dei politiske dokumenta opp mot personalgruppa.

6 Avslutning

Denne oppgåva har sett fokus på korleis barnehagelærarar kan skape eit helsefremmende miljø hjå dei minste barna i barnehagen. Hovudtema har vært å sjå på korleis barnehagelærarar jobbar med relasjoner og haldningsarbeid for å sikre dette miljøet.

Funn viser at informantane beskriv omgrepet psykisk helse med mange og nokon gongar ulike ord. Sjølv om det ikkje har vært jobba med psykisk helse og rammeplan, har dei kunnskap om psykisk helse. Det er ikkje landa på ein felles forståing av omgrepet. Psykisk helse må jobbast aktivt med, utviklast og oppretthaldast. Barnehagane må jobbe fram ein felles forståing av kva som ligg i omgrepet. Barnehagen har ikkje nytta rammeplanen som eit grunnlagsdokument. Barnehagane må reflektere rundt kva rammeplanen seier om psykisk helse. Det må og jobbast fram ein felles forståing for kva det har å sei for jobben i barnehagen. Barnehagen er ei viktig arena for å fremme psykisk helse. For å jobbe fram ein felles forståing bør det jobbast med Senge sin disiplin, mentale modellar. Mentale modellar er førestillingar vi har. Dei mentale modellane må utfordrast. Dei må utfordrast slik at dei står i samsvar med Kunnskapsdepartementet (2017) og forsking.

Funn viser at barnehagar har primærkontakt når eit barn byrjar i barnehagen. Det blir rapportert om nedskrivne rutinar på kva som skal leggast vekt på under tilvenningsperioden. I rutinane er det lista opp praktiske gjeremål, det stod ingenting om korleis barnehagen jobbar med relasjoner. Informantane sat inne med mykje kunnskap og erfaring i forhold til å gje barna ein trygg start i barnehagen. Tryggleik og forståing var essensielt i forhold til tilknyting. Primærkontakt blir sett på som ein viktig faktor til at barna skal finne ein trygg plass. Dette støttast av forsking til Drugli &

Undheim (2012) der primærkontakt ved oppstart har hatt verknad på tilvenninga. Bruk av primærkontakt blir støtta av forsking, men primærkontakten sine oppgåve kan med fordel drøftast nøyare. Rutinane må skrivast ned slik at kunnskapen kan overførast til nye som kjem inn i barnehagen. Slik det verkar no er det meir organisert tryggleik med fokus på rutinar og arbeidsoppgåver og ikkje ein tryggleik basert på relasjonar. Profesjonell relasjonskompetanse som er prega av anerkjenning, forståing og sjå barnet er viktige faktorar å drøfte i ei personalgruppe, og i tilknyting til primærkontaktoppgåvane.

Barnehagen sin viktigaste ressurs er dei folka som jobba der og den kvaliteten dei har i sine relasjonar med barn i barnehagen. Primærkontakten må og ha fokus på det relasjonelle perspektivet i tilvenninga. Kvardagen i barnehagen kan vere hektisk og krevjande, spesielt i ein tilvenningsperiode. Barnehagelærarane har mange barn dei skal følgje opp og må balansere mellom mange oppgåver. Fokuset må likevel ligge på barn-vaksen relasjonar, då får heller dei praktiske gjeremåla vente litt. Nedskrivne rutinar som og legg vekt på relasjonar må og synleggjera ut til foreldra. Senge sin disiplin felles visjon dannar grunnlaget for eit felles bilet av framtida (Roald, 2010, s. 53). Gjennom felles visjon blir og foreldra ivaretatt og trygga på at barnet blir ivaretatt. Frå eit foreldreperspektiv er tryggleik det viktigaste for dei og barnet. Forsking (Drugli & Berg-Nilsen, 2019) viste at barn hadde mindre vanskar under tilvenning der det var oppretta primærkontakt. Barnehagelærarar må ha ein fagleg forståing for kva som bør være hovudoppgåva til primærkontakten. Alle må jobbe mot same mål. Rutinane må evaluerast for å sjå om ein er på rette veg eller må endre retning. Dette samsvarar med Senge sin disiplin, systemisk tenking. Systemisk tenking blir lagt til grunn for å forstå samanhengar og mønster i organisasjonen (Roald, 2010).

Generelt er det blir større merksemd på voksen-barn relasjonar i barnehagar og kva betyding det har for utvikling av barn si fungering og tilpassing. Det er likevel fortsatt grunn til å gruble over om den vaksne ser på seg sjølv som verktøyet til å bygge gode relasjonar med barna? I informantane sin beskriving av psykisk helse og relasjonar blei *det gode fanget* nemnt fleire gongar. Spørsmålet om kva dei brukte *fanget* til blei stilt. Sit barna berre der eller er her relasjonsbygging? Voksenrolla og fanget kan med fordel drøftast i personalgruppa. Det er ikkje grunnlag for å sei at dei ikkje brukar fanget til relasjonsbygging. Drøfting av fanget er eit ledd i bevisstgjering av kvar og når vi kan bygge relasjonar. På spørsmålet om refleksjoner kultur viser funn at alle barnehagane drøfta voksenrolla og haldningar på møter. Inntrykket er at drøftinga kan virke lite målretta og systematisk. Sjølv om dei drøfta voksenrolla så hadde dei likevel ikkje felles forståing av kva som var akseptert åferd hjå barn og vaksne. Systemisk jobbing inneber å sjå heilskapen. Systemisk tenking blir omtalt som ein måte å forstå korleis alle delane i ein organisasjon påverkar kvarandre. Alle informantane kunne sei at ein kan jobbe systematisk med å fremme psykisk helse i barnehagen. Då blir det viktig at omgrep blir

drøfta, følgt opp og evaluert. Det kan fort bli mykje snakk og lite handling. Informantar fortel at drøftingar og refleksjon blir gjort i ulike møter. Møtekulturen kan med fordel drøftast. Ei tydleg leiing må etterspørje det som skjer i møta.

Vi er ulike og handlingane våre blir naturleg ulike. Å snu åtferd som er innlærd er vanskeleg. Difor må vi stadig jobbe med dei mentale modellane. Tørre å pirke borti kvarandre like mykje som vi gjev ros.

Barnehagane må finne metodar som tek utgangspunkt i refleksjon. I jungelen av metodar bør ein finne den metoden som har til hensikt å reflektere rundt eigen praksis. Tre av informantane nemnte kollegarettleiing som ein metode. Kanskje er det vegen å gå? Barsøe (2019) viser til at rettleiing er eit godt hjelphemiddel når ein skal lære av erfaringane sine og utvikle både sine handlingar og haldningar vidare. Funn frå forsking (Fimreite & Fossøy, 2018; Høium et al. 2011) viser og at personal er blitt meir bevisst si rolle. Det er viktig at barnehagelærarar får kunnskap om rettleatingsmetoden og korleis metoden kan vere ei hjelp til refleksjon rundt eigen praksis. Rettleiing som metode kan påverke og endre praksis. Det skal ikkje påståast at rettleiing er den einaste metoden som kan brukast, men barnehagane må finne gode metodar for å jobbe med refleksjon rundt vaksenrolla.

Barnehagelærarar har kunnskap og erfaring, men for å jobbe enda meir med å fremme psykisk helse, må haldningar og refleksjon på dagsplan. Det må jobbast med mentale modellar og personleg duglike. Det er gjerne i haldningar dei grunnleggjande, men ofte lite uttrykte førestillingane i ein organisasjon ligg. Gjennom refleksjon og drøfting kan det dannast nye mentale modellar (Roald, 2010, s. 53). Relasjonskompetanse kan lærast. Systemisk rettleiing kan vere vegen å gå for å sikre eit psykisk helsefremmande miljø for dei minste barna i barnehagen.

Det blir konkludert med at barnehagelærarar må sjå enda meir på seg sjølv som verktøyet i relasjon med barn. Det er dei som er verktøyet for å skape gode relasjonar og reflekterande kultur i barnehagen. Den vaksne som verktøy kan vere med på å betre kvaliteten på samspel med barna. Dette er dokumentert gjennom forsking (Hamre & Pianta, 2001; Helland et al. 2019). Leiaren har eit ansvar for å løfte fram kunnskap og forsking for å få personalet til å sjå på seg sjølv som verktøyet. Informantane seier sjølv at dei er ei viktig brikke i relasjonsarbeidet ved å uttale at det er den vaksne som har ansvaret for relasjonen. Rettleiing som metode kan knytast sterkare opp mot Senge sine fem disiplinar for lærande organisasjon. Dei mentale modellane kan utfordrast og sjåast på med nye briller i ein rettleatingsprosess. Kollegarettleiing kan vere team-læring. Rettleiing tek utgangspunkt i den enkelte og prøver å få fram potensiale i personen, også personleg duglike. Rettleiing kan bidra til å få praksis til å stemme med visjonen og styringsdokument. Set ein rettleiing som metode opp mot Senge sine fem disiplinar i lærande organisasjon kan rettleiing vere ein metode for å utvikle barnehagen sin reflekterande kultur. Gjennom rettleiing kan ein utfordre dei førestillingane ein har

og skape nye mentale modellar. Team-læring, her kan grupperettleiing brukast. Personleg dugleik der rettleiing tek utgangspunkt i den enkelte og få fram potensiale i personen. Visjon, gjennom rettleiing kan ein få praksis til å stemme med visjonen. Til slutt systemisk tenking der ein varetar heilskapen og ser alle disiplinane i samanheng. Ulik forsking (Fimreite & Fossøy, 2018; Høium et al. 2011; Sollied et al. 2017) viser at systemisk jobbing kan gje betre forståing og bevistgjering rundt vaksenrolla. Dei vaksne har fått auka sin bevissthet om barn.

Ser ein det igjen i samanheng med psykisk helsefremmande miljø kan systemisk rettleiing vere vegen å gå for fleire barnehagar.

Vi må minne kvarandre på kor mykje stjernestunder (Linder, 2019) betyr for barn sin trivsel. Det er i dei små daglege møta med kvart enkelt barn, og med barnegruppa at pedagogikk utførast. Det er kvaliteten på desse møta som er avgjerande for barn sin trivsel og utvikling.

Kanskje ein må gjere som Arne Holte uttalte i podcast (Utdanningsnytt, 2019) investere i gode barnehagar. Det finst mange gode barnehagar rundt i landet, men det må kanskje ei større bevistgjering rundt arbeidet med vaksenrolla. Det er ikkje nok å tenke at ein skal investere i fleire vaksne, ein må investere i dei vaksne som allereie er der. Kvaliteten på kvar enkelt hand er viktigare enn antal hender. Hamre & Pianta (2001) og Helland et al. (2019) refererer til at gode relasjoner tidleg i livet har positiv effekt seinare i livet, og på seinare skuleprestasjonar. Ved å skape gode relasjoner tidleg bygger ein stein for stein. I barnehagesamanheng skapar ein eit psykisk helsefremmande miljø. Med ein trygg start i barnehagen der gode relasjoner blir bygd, kan ein førebygge vanskar seinare i livet.

Resultat i dette studiet indikera at barnehagelærarar har ein del kunnskap og kompetanse om psykisk helse og relasjonsarbeid. Dei jobbar med å skape eit psykisk helsefremmande miljø ved å bruke denne kunnskapen når eit nytt barn byrjar i barnehagen. Forholda blir lagt til rette og dei er oppatt av å skape tryggleik hjå barnet. Dei opprettar primærkontakt når eit barn byrjar i barnehagen, men kva oppgåver primærkontakten vektleggast er det meir usikkerheit rundt. Det kan virke som primærkontakten sine oppgåver tar meir omsyn til dei praktiske oppgåvene, enn ut ifrå eit relasjons perspektiv.

For å skape eit psykisk helsefremmande miljø jobbar dei med viktigheten av at barn opplever tryggleik. Vaksne har ansvaret for relasjonen mellom vaksne og barn. Barnehagane drøftar og reflektera rundt vaksenrolla på møter, men den reflekterande kultur kan virke noko usystematisk. Det blir referert til at refleksjon fører til endring i personalgruppa, men det blir ikkje opplevd at alle har ei felles forståing for kva som er akseptabel åtferd hjå barn og vaksne. Systemisk jobbing med «refleksjon over eigen praksis» kan med fordel forankraast meir i personalgruppa. Dei må jobbe fram

ein felles forståing for kva som er akseptabel åtferd hjå barn og vaksne. Det kan ikkje vere slik at barndomserfaringar og private haldningars viser vei for korleis ein byggar relasjonar. Det må jobbast med dei metale modellane og skape ein felles visjon. Vi må ha dobbeltkretslæring framfor enkeltkretslæring. Kva retning barnehagen vel er viktig. Leiinga har eit ansvar for å sikre eit psykisk helsefremmande miljø i barnehagen, og at det blir jobba systemisk i heile organisasjonen.

Ved å jobbe systemisk ligg forholda til rette for at barnehagar kan få enda betre kvalitet på å legge til rette for eit psykisk helsefremmande miljø for dei minste barna i barnehagen. Det å ta ansvar for eigen relasjonskvalitet blir ein viktig del. Samstundes må ein sjå på systemet rundt og jobbe med barnehagen som reflekterande kultur. Å møte barn som subjekt legg grunnlaget for gode relasjonar i barnehagen. Kvaliteten på barn vaksne relasjonen bør sjåast på med eit opent blikk, og det bør vere rom for kritisk refleksjon rundt augeblinka i barnehagekveldagen.

Kritisk drøfting av funn er ikkje meint som kritikk til informantane. Temaet er prøvd drøfta i ein større heilskap, og det har vært viktig å belyse systemet rundt.

6.1 Vegen vidare

Behovet for meir kunnskap om korleis skape eit psykisk helsefremmande miljø er til stades. Informantane har kjennskap til kva som ligg i psykisk helse og at relasjon barn-voksen er ein viktig komponent. Det må likevel jobbast med reflekterande kultur og utvikle barnehagen som lærande organisasjon. Det er her utvikling av relasjonskompetansen ligg. Det er her personalet kan utfordre og sjå på eigen praksis. Relasjonskompetanse kan lærest og vegen vidare kan vere å sjå på korleis barnehagar jobbar med dette feltet. Det må eit systemisk auka fokus på tiltak som fremmar psykisk helse hjå små barn. Refleksjonen må ligge i grunnsynet vi har på barn. Auka bevissthet og kunnskap kan endre våre haldningars og auke relasjonskompetansen.

Kjelder

Bakken, A. og Flaten, K. (2018) *Korleis kan barnehagelærarar fremme god psykisk helse?* Psykologi i kommunen nr. 5, s. 39-45.

Barsøe, L. (2014): *Personalutvikling gjennom veiledning i barnehagen*. Oslo: Kommuneforlaget

Befring, E. (2010) *Forskningsmetode med etikk og statistikk* Det Norske Samlaget

Brandtzæg, I., Torsteinson, S., & Øiestad, G. (2018) *Se barnet innenfra* Oslo: Kommuneforlaget,

Degotardi, S. (2010) *High-quality interactions with infants: relationships with early-childhood practitioners' interpretations and qualification levels in play and routine contexts* International Journal of Early Years Education, 18:1, 27-41

Drugli, M.B. (2017) *Liten i barnehagen* (3.utg.) Oslo: Cappelen Damm AS.

Drugli, M.B., og Berg-Nielsen, T.S. (2019). *Samspillskvalitet mellom ansatte og små barn (1-3 år)* i norske barnehager. *Paideia*, 17, 37-47

Drugli, M.B., og Lekhal,I R. (2018) *Livsmestring og psykisk helse*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Drugli, M.B., Solheim, E., & Berg-Nilsen, T.S., (2017) Liten kan bli sliten – en norsk studie av stress blant de yngste barnehagebarna. *Første steg*, 1, 52-54

Drugli, M.B. & Undheim, A.M., (2012) *Når små barn begynner i barnehagen*. *Første steg*, 2, 32-25

Eide, B.J., Winger, N., Wolf, K.D., & Dahle, H.F., (2017) *Ei linerle vet at hun er ei linerle* En kvalitativ studie av små barns «well-beint» i barnehagen. *Barn*, 1, 23-40

Flaten, K. (2013) *Barnehagebarn og angst* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS

Hamre, B.K. & Pianta, R.C. (2001) *Early teacher-child relationships and det trajectory of children's school outcomes throug eigth grade* Child Devolopment, 72, 625-638

Hart, S (2011) *Den følsomme hjernen* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Høgh-Olsen, H., Dalsgaard, T., og Skårderud, T (2016) *Moderne personlighets psykologi* Oslo: Gyldendal Akademiske Forlag

Jacobsen, D.I (2015) *Forståelse, beskrivelse og forklaring. Innføring i metode for helse og sosialfagene* (2.utg.). Oslo: Høyskoleforlaget

Jacobsen, D.I., Thorsvik, J. (2009) *Hvordan organisasjoner fungerer* (3.utg.). Bergen: Fagbokforlaget.

Linder, A (2019) *Profesjonell relasjonskompetanse – Stjernestunder i det relasjonelle universet* Oslo: Pedagogisk Forum

Lofstad, M. (2017) *Slik gir du barnet sosiale ferdigheter* Første steg 1, 42-44

Lyngseth, E.J., & Mørland, B. (2017) *Tidleg innsats i tidleg barndom* Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Lysebo, M.O., & Bratt, E.B. (2017) *Relasjonskompetanse i barnehagen* Oslo: Pedlex

Melvold, L (2016) *Mening, mot og menneskeverd*. Oslo: Kommuneforlaget

Melvold, L og Øverenget, E (2015) *Profesjon & kjærlighet*. Oslo: Kommuneforlaget

Møller, L. (2012): *Annerkjennelse i praksis – Om utviklingsstøttende relasjoner*. Oslo: Kommuneforlaget

Roald, K. (2008) *Organisasjonslæring i skolar* Rapport 2/2008 Høgskulen i Sogn og Fjordane

Roald, K. (2010). *Kvalitetsvurdering som organisasjonslæring mellom skole og skoleeigar* (Doktoravhandling) Universitetet i Bergen

Sandvik, N. (2006) *Temahefte om de minste barna i barnehagen* Oslo: Kunnskapsdepartementet

Skagen, K. (2014) *I veiledningens landskap. Innføring i veiledning og rådgivning* (2. utg.). Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Skogen, JC., Smith, RF., Aarø, LE., Siqveland, J., ØVerland, S. (2018) *Forebygging blant barn og unge. Barn og unges psykiske helse: Forebyggende og helsefremmende folkehelsestiltak. En kunnskapsoversikt* Folkehelseinstituttet

Smith, Lars (2018): *En kort introduksjon til utviklingspsykologi*. Bergen: Fagbokforlaget

Smith, L.,Brandtzæg, I., Torsteinson, S., (2019) *Makroseparasjoner. Tilknytningbasert forståelse, utredning og behandlingstiltak* Bergen: Fagbokforlaget

Sollied, S., Worum, K.S., Madsen, S.S., Kamplid I., (2017) *Pedagogisk arbeid innenfor et relasjonelt perspektiv* Spesialpedagogikk nr 2, s 55-68

Thagaard, Tove (2016): *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitative metoder* (4. utg.). Bergen: Fagbokforlaget

Wichstrøm, L., Berg-Nielsen, T.S, Angold, A., Egger, H.L, Solheim, E., & Sveen, T.H. (2011) *Prevalence of psychiatric disorders in preschoolers*, Journal of Child Psychology and Psychiatry 53, 695-705

Internettdokument:

Bae, B. (2004) *Dialoger mellom førskulelærer og barn – en beskrivende og fortolkende studie* (Doktoravhandling) Det utdanningsvitenskapelige fakultetet. Institutt for spesialpedagogikk. Hentet 11.03.2019 fra <https://skriftserien.hioa.no/plugins/generic/pdfjsViewer/pdf.js/web/viewer.html?file=https%3A%2F%2Fskriftserien.hioa.no%2Findex.php%2Fskriftserien%2Farticle%2Fdownload%2F62%2F61%2>

Bae, B. (2007) Å se barn som subjekt–noen konsekvenser for pedagogisk arbeid i barnehage henta 10. mai 2018 fra <https://www.regjeringen.no/no/tema/familie-og-barn/barnehager/artikler/a-se-barn-som-subjekt---noen-konsekvense/id440489/>

Brantzæg, I., Torsteinson, S., Øiestad, G. (2014) Barnehagen – en arena for psykisk helse.

Henta 10.juli 2018, fra <https://www.dagbladet.no/kultur/barnehagen---en-arena-for-psykisk-helse/60202790>

Bratterud, Å., Sandseter, E.B.H. & Seland, M. (2012) *Barns trivsel og medvirkning i barnehagen Barn, foreldre og ansattes perspektiv* (21/2012). NTNU Samfunnsforskning AS Hentet 10.08.18 fra <https://samforsk.brage.unit.no/samforsk-xmlui/handle/11250/2366191>

De nasjonale forskningsetiske komiteene: henta fra <https://www.etikkom.no/>
Drugli, M.B., Solheim, S., Lydersen, S., Moe, V., & Smith, L. (2018) *Elevated cortisol levels in Norwegian toddlers in childcare*, *Early Child Development and Care*, 188:12, 1684-1695, henta 10.07.2019 <https://doi.org/10.1080/03004430.2016.1278368>

Fimreite, H., & Fossøy, I. (2018). Kunnskap i endring. Kollegaveiledningsom innfallsinkel til utvikling av lærande barnehagar. *Nordic Studies in Education*, 2018 (1), 52–66. Hentet den 14.05.18 fra https://www.idunn.no/np/2018/01/kunnskap_i_endring Folkehelseinstituttet (2014:1) *Sammenheng mellom barnehagekvalitet og barns fungering ved 5 år. Resultater fra Den norske mor og barnundersøkelsen Oslo* Hentet 10.03.19 fra <https://www.fhi.no/publ/2014/sammenhenger-mellom-barnehagekvalit/>

Folkehelseinstituttet (2014:1) *Sammenheng mellom barnehagekvalitet og barns fungering ved 5 år.*

Resultater fra Den norske mor og barn-undersøkelsen Oslo Henta 10.03.19 frå

<https://www.fhi.no/publ/2014/sammenhenger-mellom-barnehagekvalit/>

Glosvik, Ø. (2010) *Systemisk tenking som grunnlag for leiing - ein innfallsinkel til lærande*

organisasjonar? Norsk pedagogisk tidsskrift 04/2010 (Volum 94). Henta 10. mai frå

<https://www-idunn-no.galanga.hvl.no/npt/2010/04/art03>

Helland, S., Vilhelmsen, T., Brandstuen, R., Schjølberg, S. og Wang, M. (2019) *Skoleferdigheter og psykisk helse hos 8-åringar. Betydningen av pedagogisk praksis i barnehagen og læringsmiljø i skolen* Folkehelseinstituttet henta 11.11.19 frå

<https://www.fhi.no/publ/2019/skoleferdigheter-og-psykisk-helse-hos-8-aringer-betydningen-av-pedagogisk/>

Helland, S.S., Wilhelmsen, T., Andersen, N., Brandstuen, R.E., Schjølberg, S. & Weng, M.V. (2019)

Skoleferdigheter og psykisk helse hos 8-åringar. Betydningen av pedagogisk praksis i

barnehagen og læringsmiljø i skolen. Folkehelseinstituttet. Henta 10.10.19 frå

<https://www.fhi.no/publ/2019/skoleferdigheter-og-psykisk-helse-hos-8-aringer-betydningen-av-pedagogisk/>

Helse og omsorgsdepartementet (2017) *Mestre hele livet. Regjeringens strategiplan for psykisk helse*

2017-2022 henta 9. mars 2019 frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/mestre-hele-livet/id2568354/>

Høium, K., Jensen, L. B. Westli, S., Antonsen, E (2011). *Refleksjon som verktøy for kompetanseheving blant ansatte i et bofellesskap for voksne utviklingshemmede - å sette sin egen praksis under lupen gjennom veiledning.* Nordisk Tidsskrift for Helseforskning, nr. 2-2011, 7 årgang. Henta 10.09.18 frå

<http://septentrio.uit.no/index.php/helseforsk/article/view/2229/2075>

Kunnskapsdepartementet (2013) *Framtidens barnehage* (St.meld. 24 2012-2013)

Henta 10. mai 2018 frå <https://www.regjeringen.no/no/tema/helse-og-omsorg/innsikt/internasjonalt-helsesamarbeid/innsikt/verdens-helseorganisasjon-who/id435126/>

Kunnskapsdepartementet (2016) *Tid for lek og læring – Betre innhald i barnehagen* (St.meld. 19

2015-2016) henta 10. mai 2018 frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-19-20152016/id2479078/>

Kunnskapsdepartementet (2017). *Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Henta frå <https://www.udir.no>

Kunnskapsdepartementet (2019) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO* (St.Meld 6 2019-2020) henta 10. november 2019 frå
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/>

NOU 2012:5 *Bedre beskyttelse av barns utvikling — Ekspertutvalgets utredning om det biologiske prinsipp i barnevernet* Oslo: Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Henta 10.08.2019 frå
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2012-5/id671400/>

Statistisk Sentralbyrå (2019). *Hentet fra www.ssb.no*

Utdanningsnytt (2019, 16.08) Storefri:Barn får bedre psyke i barnehagen (Podcastepisode) Hentet 10.10.2019 frå <https://www.utdanningsnytt.no/barnehage-podcast-psykisk-helse/barn-far-bedre-psyke-i-barnehagen/208865>

Vedlegg 1: Godkjenning frå NSD

NSD sin vurdering

Skriv ut

Prosjekttittel

Psykisk helse i barnehagen

Referansenummer

121591

Registrert

15.12.2018 av Sylvi Hjelmeland Norevik - 920128@stud.hvl.no

Behandlingsansvarlig institusjon

Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett / Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsvitenskap

Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Astrid Reidun Berglid Bakken, mailto:Astrid.Reidun.Berglid.Bakken@hvl.no, tlf: 57676336

Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

Kontaktinformasjon, student

Sylvi H. Norevik, sylvi.norevik@eninvest.net, tlf: 95191604

Prosjektperiode

01.01.2019 - 01.05.2020

Status

05.02.2019 - Vurdert

Vurdering (1)

05.02.2019 - Vurdert

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet med vedleqq den 05.02.19, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte. MELD ENDRINGER Dersom behandlingen av personopplysninger endrer seq, kan det være nødvendig å melde dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. På våre nettsider informerer vi om

Vedlegg 2: Informasjonskriv til informantane

Vil du delta i forskingsprosjektet

"Korleis jobbar barnehagelærarar med å skape eit psykisk helsefremmande miljø for dei minste barna i barnehagen?

-
- Dette er eit spørsmål til deg om å delta i forskingsprosjekt om «psykisk helse i barnehagen».
- I dette skrivet får du informasjon om målet for prosjektet og kva deltakinga vil bety for deg.
- **Formål**

Formålet med prosjektet er å utforske korleis barnehagelærarar jobbar med å fremme psykisk helse i barnehagen. Det vil bli gjennomført intervju med ca 6-8 barnehagelærarar på småbarnsavdelingar.

Problemstilling og forskingsspørsmål:

Korleis jobbar barnehagelærarar for å legge til rette for eit psykisk helsefremmande miljø for dei minste barna i barnehagen? – sett i lys av *relasjonar og haldningsarbeid*

Forskingsspørsmål:

1. Kva legg barnehagelærarar i omgrepet psykisk helse?
2. Korleis blir relasjonsperspektivet ivaretatt når eit barn byrjar i barnehagen?
3. Har barnehagen ein reflekterande kultur?

I samtale med barnehagelærarane har eg utarbeida ein intervjuguide.

Dette er ei masteroppgåve i Spesialpedagogikk ved HVL.

Kven er ansvarlig for forskningsprosjektet?

Høgskulen på Vestlandet er ansvarlig for prosjektet.

Kvifor får du spørsmål om å delta?

Det er via eigen kjennskap sendt førespurnad til barnehagar som har rein småbarnsavdeling. Det vert via e-post sendt ut informasjon og førespurnad om deltaking til utvalde barnehagar i fleire kommunar.

- **Kva inneber det for deg å delta?**

Dersom du vel å delta i dette prosjektet betyr det at du er med på ei samtale med forskar. Denne samtala vil vare om lag ein time, og verte tatt opp på digital opptakar. I samtala er ein ute etter di oppfatning av korleis det blir jobba med å fremme psykisk helse i barnehagen.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Om du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykke tilbake utan å oppgje nokon grunn. Alle opplysninger om deg vil då verte anonymisert. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller seinare vel å trekke deg.

Ditt personvern – korleis vert dine opplysningar oppbevarde og brukt.

Vi vil berre bruke opplysningene om deg til formåla vi har fortalt om i dette skrivet. Vi handsamar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Kun student og rettleiar vil ha tilgang til desse opplysningane. I praksis vil det seie at namn og kontaktopplysningar vert erstatta med ein kode som vert lagra på ei eiga namneliste. Denne vil vere oppbevart ein anna plass enn lydopptaka og notata frå samtala. Desse vil verte oppbevarte på passordbeskytta og innelåst datamaskin.

Alt som kjem fram i samtalene vil verte anonymisert i den ferdige oppgåva. Det vil ikkje vere mogleg å kjenne igjen deltakarane i studien ved ein eventuell publikasjon. I ein eventuell publikasjon vil det vere bearbeidde utdrag frå samtalane, samt nokre direkte, anonymiserte sitat.

Kva skjer med opplysningane dine når prosjektet vert avslutta?

Prosjektet skal etter planen avsluttast i desember 2019.

Alle personopplysningar og opptak vil verte oppbevarte etter ovennemnde kriterieriar til sensuren på oppgåva er ferdig. Deretter vil alle opplysningar, opptak og notat frå samtalar verte sletta seinast innan 01.05.2020

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet har du rett til:

- innsyn i kva for personopplysningar som er registrert om deg,
- å få retta personopplysningar om deg,
- få sletta personopplysningar om deg,
- få utlevert ein kopi av dine personopplysninger (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

Kva gjev oss rett til å handsame personopplysningar om deg?

Vi handsamar opplysninger om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag frå HVL har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at handsaminga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Kvar kan eg finne ut meir?

Om du har spørsmål til studien, eller ønsker å nytte deg av dine rettar, ta kontakt med:

- Høgskulen på Vestlandet ved rettleiar Astrid Reidun Berglid Bakken,
astrid.reidun.berglid.bakken@hvl.no
eller student Sylvi H. Norevik, sylvi.norevik@enivest.net
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost (personvernombudet@nsd.no) eller telefon: 55 58 21 17.
- HVL personvernombud Halfdan Mellbye, personvernombud@hvl.no tlf. 55301031

Med helsing

Astrid Bakken

Sylvi H. Norevik

Prosjektansvarleg
(Rettleiar)

Student

Vedlegg 3: Samtykkeerklæring

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet *Psykisk helse i barnehagen*, og har fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

- å delta i intervju
- at det blir tatt lydopptak av intervjuen
- at eg har mottatt informasjon om at prosjektet er frivillig og eg er klar over at eg når som helst kan trekke meg fra undersøkinga.
- at mine personopplysninger blir behandla konfidensielt og anonymt.*
- at opplysningene om meg ikke publiserast slik at eg kan gjenkjennast*
- at informant er sikra full anonymitet dersom fleire informantar kjem fra same nettverk.*
- når prosjektet er slutt skal alle lydopptak, personopplysningar og intervjuutskrifter slettast*

Eg samtykker til at mine opplysninger behandles frem til prosjektet er avsluttet, ca.mars 2020

(Signert av prosjektdeltaker, dato)

Vedlegg 4: Intervjuguide

Opplysningar om informanten:

1. kva utdanning har du?
2. kor lenge har du jobba i barnehagen?
3. har du vidareutdanning?

Forskingsspørsmål:

4. Kva legg barnehagelærarar i omgrepet psykisk helse?
 - Kva legg du i omgrepet psykisk helse?
 - Har det blitt jobba med rammeplanen og kva den seier om psykisk helse?
 - Oppleve de at det er ein felles forståing for omgrepet psykisk helse i barnehagen?
 - Har de kompetanse/kunnskap på området?
 - Kan du fortelje ei historie der du opplevde at du fremma psykisk helse?
 - Tillegg: Kan du nemne ei historie der de lytta, støtta og anerkjente barnet?
 - På kva måte gir du som voksen næring til barn si psykiske helse?
 -
5. På kva måte blir perspektivet på relasjonar ivaretatt når eit barn byrjar i barnehagen?
 - Kva inneber det for små barn å ha det bra, og kva blir opplevd som kvalitet på ein småbarnsavdeling?
 - Kva legg du i gode relasjonar?
 - Kva rutiner har de på din avdeling etablert for å sikre ein trygg start for barna?
 - Er psykisk helse eit tema på foreldremøter/samtalar? Kom med døme!
 - Er arbeidet med psykiske helse nedfelt i årsplan?
 - Opplever de at de har ein felles haldning til kva som er akseptabel åtferd hjå barn og voksne?
6. Har barnehagen ein reflekterande kultur?
 - På kva måte deler personalet erfaringar og kunnskap?
 - På kva måte jobbar barnehagen med voksenrolla og haldninga?
 - I kva grad meinar du at ting/tema som vert diskutert i personalgruppa fører til handling/endring?
 - Kor ofte drøftar de arbeidsmetodar og mål i felleskap?
 - På kva måte tenker du at det kan jobbast systemisk med psykisk helse i barnehagen?

